



VESTRE SLIDRE KOMMUNE

**ØKONOMIPLAN 2022-2025
ÅRSBUDSJETT 2022**

**Vedteke i kommunestyret
16. desember 2021**

1	MÅL OG PRIORITERINGAR	3
1.1	Demografi.....	4
1.2	Ei attraktiv kommune	5
2	ØKONOMI.....	7
2.1	Driftsbudsjett 2022 og økonomiplan 2022 – 2025	7
2.2	Driftsinntekter	8
2.3	Driftskostnader	9
2.4	Finans	9
2.5	Netto driftsresultat.....	10
2.6	Disposisjonsfond	10
2.7	Investeringsbudsjett 2022 – 2025.....	11
2.8	Lånegjeld.....	12
2.9	Økonomiske hovudtal - avdelingar og kommunalområde	12
2.10	Heimelsoversikt 2022.....	13
2.11	Prioriteringar, rasjonalisering og innsparingar 2022	13
2.12	Tilskot og løyvingar i 2022	13
2.13	Interkommunale samarbeid	15
3	POLITISK OG ADMINISTRATIV LEIING.....	17
3.1	Politisk leiing.....	17
3.2	Kommuneorganisasjonen	17
4	KOMMUNEDIREKTØR, ØKONOMI OG STAB	18
4.1	Kommunedirektør, økonomiavdeling og stab	18
4.2	Økonomiske hovudtal.....	18
5	OPPVEKST OG KULTUR	19
5.1	Barnehage.....	20
5.2	Grunnskulen	22
5.3	Brennabu leirskule – pedagogisk avdeling.....	25
5.4	Kulturskulen	25
5.5	Frivilligsentralen	26
5.6	Kultur.....	27
6	HELSE OG OMSORG	29
6.1	Pleie og omsorg	32
6.2	Bergtun	33
6.3	Heimetenesta	33
6.4	Miljøarbeidartenesta.....	33
6.5	Helseavdelinga	35
6.6	Øvre Valdres psykologteneste.....	36
6.7	Barnevern	37
7	LANDBRUK, NÆRING OG TEKNISK	40

7.1	Forvaltning	40
7.2	Drift / teknisk.....	42
8	Tiltak og prioriteringar	46
9	VEDLEGG	47
9.1	Budsjettskjema drift og investering.....	47
9.2	Gebyrregulativ for 2022	48

1 MÅL OG PRIORITERINGAR

I samfunnsdelen for Vestre Slidre ligg følgjande overordna mål:

1. Vestre Slidre skal være ein attraktiv stad å leve, bu og arbeide
2. Vestre Slidre skal fremje folkehelse og livskvalitet
3. Vestre Slidre skal styrke næringsverksemd knytt til lokal matproduksjon
4. Valdres skal være Noregs mest attraktive hytte- og turområde
5. Vestre Slidre skal fremje regionalt samarbeid

I dette arbeidet er årleg budsjett og økonomiplan sentrale element.

Kommunen har gjennom nokre år styrt sin økonomi inn i mot stadig betre finansielle måltal. God økonomistyring har gjort det mogleg å bygge opp eit disposisjonsfond som i 2021 er forventa å passere 20% av brutto driftsinntekter. Oppbygginga har vore vurdert som naudsynt for å handtere auka finansutgifter utover i økonomiplanperioda. Kommunen har store investeringar foran seg knytt til nytt helsetun og vatn- og avløp. Kommunegrensejusteringa vil påverke dei økonomiske framtidsutsiktene i eit lengre perspektiv.

I henhald til kommunelova vert kommunestyret oppfordra til å vedta finansielle måltal for inneverande økonomiplanperiode. Med bakgrunn i dette gjorde formannskapet i sak 067/21 slikt vedtak for budsjettarbeidet i økonomiplanperioda 2022-2025:

- 1) Vestre Slidre vil for åra 2022 – 2024 akseptera eit negativt netto driftsresultat som vert dekt inn frå disposisjonsfondet. Netto driftsresultat skal vere i balanse igjen i 2025.
- 2) Vestre Slidre har som målsetting at disposisjonsfondet ikkje skal være mindre enn 10 % av brutto driftsinntekter i planperioden 2022-2025.
- 3) Vestre Slidre har som målsetting at langsiktig gjeld ikkje skal overstige 130 % av brutto driftsinntekter i planperioden.

Disposisjonsfondet sin storleik gjer rom for ei tilpassing av driftsresultat ila nokre få år. Formannskapet har i sitt vedtak set tida fram til 2025 som ei målsetjing for å kome i driftsmessig balanse. Arbeidet med å kome i balanse kan ikkje vente og vil betinge ein gjennomgang av alle element som påverker kommunen sin økonomi. I det ligg det leiting etter endringar på både inntektar og kostnader, herunder eigedomskatt, gjennomgang av brukarbetalingar, reduksjon av lønskostnader og andre driftskostnader.

Det er viktig å presisere at sum lånegjeld inkluderer gjeld til sjølkostområdet. Denne delen av gjelda vert i prinsippet nedbetalt gjennom gebyra som vert innbetalt på sjølkostområdet (vatn og avløp). Etter kommunedirektørens syn kan det difor aksepteraast langsiktig gjeld slik formannskapet har vedteke i ei kortare periode, så lenge disposisjonsfondet er betryggande stort. Dette er ei prioritering som kan være naudsynt for å oppretthalde kvaliteten på lovpålagde tenester.


Hovudtrekka i denne økonomiplanen er basert på dette vedtaket.

1.1 Demografi

Pr. 1. januar 2021 budde det 2 120 innbyggjarar i Vestre Slidre kommune. Det har vore ein svak nedgang i folketalet dei seinare åra som er forventa å flate ut. Prognosene tilsier 2156 innbyggjarar i 2030.

Framskrivningar som er gjort av SSB viser at alderssamansetjinga i befolkninga vil endre seg fram mot 2040. Det blir ein auke i personar i alderen 67-79 år og personar over 80 år, medan talet på innbyggjarar i skulepliktig alder og arbeidsfør alder går ned. Dette må kommunen ta med i planlegging av tenester framover.

For at kommunen skal stå rusta til å møte framtidige utfordringar, er det viktig at ein allereie no startar med å tilpasse ressursbruken i høve denne utviklinga. KMD (Kommunal- og moderniseringsdepartementet) har gjort eit estimat på behov for årsverk i Vestre Slidre fram mot 2040.



Behov for årsverk innan ulike tenesteområde Vestre Slidre (Kjelde: SSB)

Som framstillinga under viser, estimerer SSB ein auke i behov for årsverk innanfor pleie og omsorg i Vestre Slidre på 40 årsverk fram mot 2040, medan dei spår ein nedgang i behovet for grunnskule. SSB spår eit stabilt behov i barnehagane. Dette har samband med at antal brukarar med behov for institusjons- eller heimetenester over 67 år stig frå om lag 66 i dag til anslagsvis 120 fram mot 2040. Me forventar inga stor endring i antal brukarar i miljøtenesta. Det er forventa ein svak nedgang i antal barn i barnehage og skule, men desse tala kan sjølvstendig endre seg all den tid desse ikkje er fødte endå. Ein auke på 30-40 årsverk er ikkje berekraftig med dei rammebetingelsane me har i dag, og vil krevje at me løysar omsorgsbehovet med ny tilnærming.

I 2040 vil innbyggjarar over 67 år utgjere ca 30 % av totalt tal innbyggjarar i Vestre Slidre kommune. I dag utgjere aldersgruppa ca 21% av totalt tal innbyggjarar. Vi blir fleire eldre og færre i yrkesaktiv

alder. I Vestre Slidre er det i dag om lag 10 personar i yrkesaktiv alder for kvar person over 80 år. I 2040 vil det berre vera 3,9 vestreslidringar i yrkesaktiv alder for kvar person over 80 år. Det vil bli ei utfordring.

1.2 Ei attraktiv kommune

Ved sidan av å drive god tenesteyting er det vesentleg for oss å framstå attraktive for potensielt nye innbyggjarar. Nedgangen i folketalet dei siste åra er tydeleg, og har bidrege til nye utfordringar av økonomisk art. Det må være eit mål å stoppe nedgangen i folketalet og auke tal innbyggjarar i arbeidsfør alder.

Arbeidsplassar

Det er relativt lite arbeidsløyse i Vestre Slidre. Dette betyr ikkje at arbeidsmarknaden i kommunen er svært attraktiv, men saman med dei nærliggjande nabokommunene er det moglegheiter for dei fleste. Me må imidlertid arbeide aktivt for å tiltrekkje næring og leggje til rette for næringsutvikling. Me har hatt eit næringsfond og har dei siste åra nytta dette langt meir aktivt enn på mange år.

Arbeidsplassar er heilt sentralt når folk vurderer om dei skal flytte til eller frå bygda eller kommunen. Det er arbeid som set dei fleste av oss på tanken om å flytte. Utan arbeid flytter ikkje folk på seg. Med bakgrunn i dette må kommunen som lokal planmyndigheit legge til rette for at næring og arbeidsplassar kan etablerast. Dette vert teke omsyn til i kommuneplanen sin arealplan som no er ute til 3.offentlege ettersyn.

Attraktive bustadområder

kan være så mangt – avhengig av behovet til den enkelte. Det teikner seg eit bilete av behov for sentrumsnære bustader (Slidre og Røn). Vårt arbeid med bustadstrategi vil avklare behov og tilbod. Det blir arbeid med nye tomte-areal i kommuneplanens arealdel.

Vi har følgjande positive bidrag til auka bustadbygging:

- God plass og rett pris
- Fritak eigedomsskatt fyrste 10 år for nybygg/bustad
- Rask og effektiv saksbehandling
- Godt samarbeid med lokale entreprenørar

Tilgang til breiband

Utbygging med tilskot har pågått for fullt i 2021. Store delar av kommunen vil vere dekkja med breiband når denne delen av utbygginga er gjennomført. Det gjenstår noko men det blir jobba vidare med det.

Omdøme

Me bør være bevisste på korleis me omtalar eigen bustadkommune og arbeidsplass. Det er all grunn til å omtale Vestre Slidre i positive ordelag. Trur me på det sjølv så påverkar me og andre. Bevisstheit rundt dette er ein forventning me har til både tilsette i organisasjonen og politikarar. Skal folk busetje seg i bygda må me dra saman, og formidle dei mange positive elementa som denne bygda har. Dette gjeld både i dagleg tale, i sosiale medier og i vår kontakt med lokalavis og andre medier. Godt sjølbilde og framsnacking er på ingen måte nok, men det er til god hjelp.

Fritid

I tillegg bør vi nemne det som dei fleste knyter til bygda:

- Nærleik til fjell og rekreasjonsområde
- Gode fritidstilbod – nærleik til fritidstilbod

- Gode tenester i kommunen – inkludert full barnehagedekning, eit godt skuletilbod og eit breitt kulturtilbod.

Til saman kan dette gjere oss attraktive.

2 ØKONOMI

2.1 Driftsbudsjett 2022 og økonomiplan 2022 – 2025

	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
Driftsinntekter						
1 Rammetilskudd	79 128 134	77 371 000	77 000 000	78 470 000	78 312 000	78 323 000
2 Inntekts- og formuesskatt	63 260 781	69 000 000	70 000 000	71 241 000	71 241 000	71 241 000
3 Eiendomsskatt	12 405 524	10 517 000	10 672 581	10 847 639	11 023 597	17 214 047
4 Andre skatteinntekter	2 454 264	1 450 000	1 750 000	1 750 000	1 750 000	1 750 000
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	18 511 801	13 518 538	11 105 223	11 105 223	11 105 223	11 105 223
6 Overføringer og tilskudd fra andre	21 893 658	21 599 414	23 241 485	20 836 974	20 836 974	20 836 974
7 Brukerbetalinger	7 012 980	6 387 000	6 572 000	6 572 000	6 572 000	6 572 000
8 Salgs- og leieinntekter	33 824 414	34 402 234	36 365 389	36 365 389	36 365 389	36 365 389
9 Sum driftsinntekter	238 491 557	234 245 186	236 706 678	237 188 225	237 206 183	243 407 633
Driftsutgifter						
10 Lønnsutgifter	113 968 095	122 904 954	125 698 951	123 303 951	123 198 951	121 803 951
11 Sosiale utgifter	18 194 162	25 196 792	24 903 538	24 797 058	24 903 538	24 903 538
12 Kjøp av varer og tjenester	86 384 689	67 576 142	71 809 757	71 835 757	71 759 757	71 835 757
13 Overføringer og tilskudd til andre	14 900 441	10 739 500	10 185 593	9 785 593	9 785 593	9 785 593
14 Avskrivninger	8 616 997	9 000 000	9 500 000	10 500 000	12 000 000	13 000 000
15 Sum driftsutgifter	242 064 384	235 417 388	242 097 839	240 222 359	241 647 839	241 328 839
16 Brutto driftsresultat	-3 572 827	-1 172 202	-5 391 161	-3 034 134	-4 441 656	2 078 794
Finansinntekter						
17 Renteinntekter	2 390 546	1 515 000	2 000 000	2 300 000	2 400 000	2 400 000
18 Utbytter	3 549 722	2 600 000	2 300 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0	0	0
20 Renteutgifter	1 815 277	1 500 000	2 900 000	4 900 000	5 300 000	5 900 000
21 Avdrag på lån	7 187 246	8 500 000	10 500 000	13 900 000	12 250 000	12 640 000
22 Netto finansutgifter	-3 062 255	-5 885 000	-9 100 000	-14 500 000	-13 150 000	-14 140 000
23 Motpost avskrivninger	8 616 997	9 000 000	9 500 000	10 500 000	12 000 000	13 000 000
24 Netto driftsresultat	1 981 915	1 942 798	-4 991 161	-7 034 134	-5 591 656	938 794
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:						
25 Overføring til investering	-542 018	-655 000	-675 000	-675 000	-675 000	-675 000
26 Netto avsetninger til eller bruk av bundne dri	144 589	245 298	404 173	404 173	404 173	404 173
27 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjon	-1 584 486	-1 533 096	5 261 988	7 304 981	5 862 503	-667 967
28 Bruk av tidligere års mindreforbruk	0	0	0	0	0	0
28 Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0
29 Sum disponeringer eller dekning av netto drif	-1 981 915	-1 942 798	4 991 161	7 034 154	5 591 676	-938 794
30 Fremført til inndekning i senere år (merforbru	0	0	0	0	0	0

2.2 Driftsinntekter

Inntektene i planperioden.

Statsbudsjettet legg rammene for størrelsen på skatteinntektene og rammetilskot i åra som kjem. Det overordna målet med inntektssystemet er at alle kommunar skal vere i stand til å gje eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine. Det er store demografiske og geografiske skilnader i dei norske kommunane, og utgiftsutjamninga i inntektssystemet er meint å kompensere for «ufrivillige» kostnadsskilnader i tenesteproduksjonen i den enkelte kommune.

Skatteinntektene består av 2 komponentar naturressursskatt og personinntektsskatten.

Naturressursskatten er ein flat skatt som vert rekna ut etter gjennomsnittet i produserte kWh i kraftanlegga dei siste 7 åra, og er derfor påverka av andre forhold. Nominell personinntektsskatt vert regulert i takt med inntektsutviklinga i landet . Den er også påverka av kva skatteøre som vert lagt til kommunane, i 2022 10,95% Veksten i skatteinntektene for kommunen må reknast å verta noko mindre enn landet elles som følge av at naturressursskatten er ein flat skatt. Skatteinntektene for 2022 er budsjettert med kr 70 000 000.

Rammetilskotet til kommunen er påverka av to ting, både småkommunetillegget og inntektsutjamninga. Vestre Slidre Kommune er ein liten kommune med færre innbyggjarar enn 3200. Det er dette som gjera til at kommunen får eit småkommunetillegg på kr 6 034 000. I tillegg får kommunen kr 866 000 i netto inntektsutjamning. Rammetilskotet for 2022 er budsjettert til kr 77 000 000.

For perioden 2022 til 2025 har administrasjonen lagt til grunn inntektsprognosane som KS har utarbeid.

Eigedomsskatt

Kommunestyret i Vestre Slidre har bestemt at det skal skrivat ut eigedomsskatt etter § 3a i eigedomsskattelova: faste eigedomar i heile kommunen. I skrivande stund har me ikkje motteke formuesvedien på kraftanlegga frå sentralskattekontoret for storbedrifter, men slik det ser ut så går desse inntektene litt ned. På den andre sida så ser me at det er ein jamn straum med nye hytter som gjer ekstra eigedomsskatteinntekter. Dermed er dei budsjetterte eigedomsskatteinntektene for 2022 på kr 10 672 581.

Kraftinntekter

Vestre Slidre nyt godt av å vere ei kraftkommune. Kommunen har inntekt frå sal av konsesjons- og andelskraft frå bl.a. Lomen/Fasle og Åbjøra kraftstasjoner, m.fl. Omsetning av vår konsesjons- og andelskraft vert handtert av Valdres Energi/Markedskraft. Prisane på kraft har hausten 2021 vore historisk høg og det er forventa at dette vil fortsette utover vinteren og våren 2022. Prognosane som kommunen har motteke frå Valdres energi tilseier at kommunen kan forventa ei nettoinntekt på kr 4 888 418.

I planperioden er det likevel ikkje lagt opp til ein slik auke i kraftinntektene då det er høgst usikkert korleis kraftprisen utviklar seg over tid.


I tillegg til omsetning av kraft, mottek kommunen sin andel av konsesjonsavgifter, utrekna av NVE. Konsesjonsavgift er ei årleg avgift som eigar av kraftverk er pliktige til å betale til kommunar som er berørte av ei regulering eller utbygging av kraftverk.

Inntekter frå konsesjonsavgifta er kommunen pliktige til å nytta til næringsutvikling og denne inntekta vert overført til kommunen sitt kraftfond.

Andre inntekter

Andre inntekter består i hovudsak av eigenbetaling for tenester, kommunale gebyr, leigeinntekter, refusjon av sjukepengar, refusjon frå andre kommunar og statlege overføringar..

2.3 Driftskostnader



Lønnskostnader

Lønnskostnadane utgjer ca 65 prosent av alle kostnadene i kommunen.

Lønnskostnadane aukar med ca kr 2 500 000 frå 2021 til 2022, av dette er kr 1 800 000 den forventa lønsauke som kjem i mai 2022 i tillegg kjem auke i ei stilling på LNT.

Andre driftskostnader

«Kjøp av varer og tenester» inkluderer kommunens ordinære driftsutgifter som straum, forbruksmateriell, forsikring, drift av transportmiddel, samt vedlikhald av kommunale bygg og vegar, m.m. I tillegg er kjøp frå interkommunale selskap og interkommunale samarbeid inkludert. Dette gjeld b.a. kostnader til VLMS, felles lækjarvakt, jordmor, PPT-tenesta, NAV, IKT Valdres og Valdres Brann- og redningsteneste. Budsjetterte kostnader er basert på tilsendt budsjett frå dei interkommunale selskapa eller frå vertskommunen.

Det er ikkje rom for auke i driftskostnader utover i økonomiplanperioden. Kommunen ynskjer eit best mogeleg tenestetilbod til innbyggjarane, men må sjå på moglege kostnadsreduksjonar og effektiviseringstiltak for å vere budd dei økonomisk utfordringane som kjem for å få drifta i økonomisk balanse.

2.4 Finans

Finansinntekter består i hovudsak av renter på utlån og utbytte på aksjepostar. Rentenivået er fortsatt lågt, og det er ikkje venta store endringar i finansinntekter i 2022.

Finansutgiftene består av renteutgifter og avdrag. For renteutgiftene har administrasjonen nytta kommunalbanken sine stipulerte budsjetterenter. Vidare så ligg nedbetalingstida på låna for det meste på 20 år, men frå 2020 har kommunen nytta nedbetalingstid på 30 år. I samband me bygging av nytt Helsetun aukar gjelda og dermed avdragene, det største låneopptaket kjem i 2022 og det vil prega økonomien til kommunen frametter.

Tabell: Utvikling renter og avdrag på lån

Tal i heile 1.000	2020	2021 (prognose)	2022 (prognose)	2023 (prognose)	2024 (prognose)	2025 (prognose)
Betalte avdrag i året	7 187	8 594	10 500	13 900	12 250	12 640
Rentekostnader	1 815	1 501	2 900	4 900	5 300	5 900
Finanskostnader	9 002	10 094	13 400	18 800	17 550	18 540

2.5 Netto driftsresultat

Budsjettet for 2022 viser eit netto driftsresultat på ca – 4,9 mkr. Dette utgjør -2 % av brutto driftsinntekter.

	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
9 Sum driftsinntekter	238 491 557	234 245 186	236 706 678	237 188 225	237 206 183	243 407 633
24 Netto driftsresultat	1 981 915	1 942 798	-4 991 161	-7 034 134	-5 591 656	938 794
Netto driftsresultat i % av driftsinntektene	0,82 %	0,83 %	-2,06 %	-2,93 %	-2,31 %	0,39 %

Vestre Slidre har hatt som målsetjing at netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av brutto driftsinntekter. Dette målalet har vorte nådd dei siste åra. I åra som kjem vil finanskostnadene auke på grunn av auka låneopptak, og formannskapet har i sak om finansielle måltal akseptert negative driftsresultat for økonomiplanperioden 2022 – 2024 men forutsatt balanse i drifta i 2025.

2.6 Disposisjonsfond

Etter fleire år med positive økonomiske resultat, har Vestre Slidre klart å bygge opp eit forholdsvis solid disposisjonsfond. Disposisjonsfondet ved utgangen av 2021, før disponering av eventuelt mindre- eller meirforbruk, vil ligge på ca. 54 mkr. Dette vil i så fall utgjere ca. 23,6 % av brutto driftsinntekter.

Vestre Slidre si målsetjing er at disposisjonsfondet skal utgjere minst 20 % av brutto driftsinntekter tidleg i økonomiplanperioden. På grunn av store investeringar i perioden, vil finanskostnadene auke tilsvarende, og det er difor budsjettert med bruk av disposisjonsfondet i 2022-2024 for å kome i balanse.

	Rekneskap 2 020	Budsjett 2021	Budsjett 2 022	Budsjett 2023	Budsjett 2 024	Budsjett 2025
Disposisjonsfond	53 831 777	55 364 873	50 102 885	42 797 904	36 935 401	37 603 368
Disposisjonsfond i prosent av inntektene	22,24 %	23,52 %	20,70 %	17,82 %	15,28 %	15,58 %

2.7 Investeringsbudsjett 2022 – 2025

			Inkl. mva (u/VA som er netto)			
Investeringsbudsjett 2022-2025 Inkl. mva (VA- inv. er uten mva)		Prosjekt	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
Utviding Vaset vassverk	VA	284	2 000 000	10 000 000	10 000 000	
Høyset (ledning X-T) inkl. pumpestasjon	VA	287	8 000 000			
Bassengutvidelse Gomobu HB	VA	343		900 000		
Utbygging Båtåne	VA	344	500 000	2 000 000	1 500 000	
Høyset del 3	VA	345	5 000 000			
Vaset RA	VA	346	2 500 000	1 000 000		20 000 000
Hovedplan Vatn	VA	347	300 000			
Hovedplan Avløp	VA	348	300 000			
Sanering høgdebasseng	VA	349	1 000 000			
Digitalisering av eiendomsarkivet i Valdres		350	1 000 000	500 000		
Helsetun		315	100 000 000	44 000 000		
Oppussing av bårehus/WC Slidredomen		325	5 000 000			
Bustadfelt på Vaset		351	250 000	1 000 000	1 250 000	
3 Interaktive skjermer til skulen a kr 40.000 + mva		334	150 000			
Heis på U-steget - Vestre Slidre skule		354		625 000		
Oppgradering skulekjøkken				500 000		
Oppgradering/vedlikehald kommunale bygg		355				500 000
Oppgradering komm. vegar Bekkudn		356	250 000			500 000
Sentrumstiltak Slidrevegen			400 000			
Investering i aksjer (Eigenkapital KLP)		800	675 000	675 000	675 000	675 000
Sum investeringar			127 325 000	61 200 000	13 425 000	21 675 000
Finansiert med anleggsbidrag			-			
Finansiert med momskompensasjon			21 410 000	9 325 000	250 000	200 000
Finansiert med tilskot			2 000 000	44 000 000		
Overført fra drift			675 000	675 000	675 000	675 000
Finansiert med lån			103 240 000	7 200 000	12 500 000	20 800 000

Det er planlagt investeringar for 127,3 mkr (inkl. mva) i 2022. Av dette er 17,8 mkr (eks.mva) innan vatn- og avløpsområdet, hovudsakeleg på Vaset.. Vidare utbygging av leiðningsnett i Høyset-prosjektet står for tur. Det er sett av 13 mkr til desse prosjekta i 2022. Frå 2022 er det planlagt vidare utbygging av VA mot Knippeset.

Den største planlagte investeringa i Vestre Slidre framover er likevel investering i ny sjukeheim,- med oppstart i 2021. Dette er eit omfattande prosjekt med stor usikkerheit knytt til kostnader. Det er allereie brukt ca 4 mkr i forprosjektet i 2020. Kommunestyret vedtok i september 2021 ei ramme på kr 188 mkr inkl mva for Helsetunet samt 5 mkr inkl mva for omlegging av Tunvegen.

Gangvegen i Vøllavegen heilt fram til E16 v/Hausaker er ferdigstilt i 2021. I samband med utbetring av E16 ved Røn, er det gjort avtale med entreprenør om bygging av gangveg frå Vælavegen til Rønsvegen. I Røn vil det også bli bygd gangveg frå E16 og ned til kjøpesenteret i regi av Statens vegvesen.

I tillegg er det sett av midlar bårehus ved Slidredomen, bustadfelt på Vaset, digitalisering av eiendomsarkivet og interaktive skjermar til undervisning på skulen.

2.8 Lånegjeld

Investeringane i 2022 vert i hovudsak finansiert med lånegjeld, etter frådrag for momskompensasjon og tilskot.

Det er sett på som ei god økonomisk målsetjing at total låneramme ikkje skal overstige 75 % av årlege driftsinntekter. Vestre Slidre har halde seg godt under dette målalet fram til no. Men som tabellen under viser, vil ein måtte rekne med at lånegjelda i perioden 2021 – 2025 (og nokre år framover) vil passere 100 % av brutto driftsinntekter.

Utvikling langsiktig lånegjeld

	2020	2021 (prognose)	2022 (prognose)	2023 (prognose)	2024 (prognose)	2025 (prognose)
Tall i heile 1.000						
Langsiktig lånegjeld pr. 31.12	153 693	201 143	293 919	287 214	287 462	295 618
Brutto driftsinntekter	238 492	234 245	236 707	237 188	237 206	243 408
I prosent av brutto driftsinntekter	64 %	86 %	124 %	121 %	121 %	121 %

I tabellen over, er investeringane til tenestområdet vatn og avløp (VA) inkludert. Dette er såkalla sjølkostområder som i praksis vert finansiert ved kommunale gebyr. Dersom ein ser på lånegjeld eks. lån til VA, og måler dette mot driftsinntekter (eks. gebyrinntekter frå VA-sektoren) vil låneandel i økonomiplanperioden sjå slik ut:

Utvikling langsiktig lånegjeld (eks. lånegjeld VA)

	2020 (prognose)	2021 (prognose)	2022 (prognose)	2023 (prognose)	2024 (prognose)	2025 (prognose)
Tall i heile 1.000						
Langsiktig lånegjeld pr. 31.12 (eks. VA)	133 084	165 234	238 410	217 805	206 553	194 709
Brutto driftsinntekter (eks. VA-gebyr)	225 992	220 245	222 207	221 188	219 206	223 408
I prosent av brutto driftsinntekter	59 %	75 %	107 %	98 %	94 %	87 %

2.9 Økonomiske hovudtal - avdelingar og kommunalområde

samandrag pr. område	Budsjett 2022	Budsjett 2021	Regnskap 2020
tall i heile tusen			
Politisk leiding	2211	2383	2295
Admininstrasjon/stab/fellesfunksjon	23009	16829	14199
Oppvekst og kultur	47009	48741	48145
Helse og omsorg	72644	75804	78338
Landbruk, Næring og teknisk	14297	6824	8350
Kyrkjeleg fellesråd	3110	3000	2723
TOTALT	162280	153581	154050

Kommunedirektørens kommentar:

Budsjetterte netto driftskostnader, samla for alle sektorar i kommunen, er ca.162,2 mkr i 2022. Det betyr ei kostnadsauke på ca. 5,7 % frå budsjett 2021 til budsjett 2022. Dette er godt over forventa pris og lønnsauke.

Auken er delvis grunna i budsjettekniske vurderingar som er endra frå tidligare år. Desse vurderingane er særleg knytt til to forhold; 1) føring av premieavvik på pensjon og 2) sjølvkostbudsjettet er null ut slik at det ikkje påverkar driftsresultatet.

Eit anna forhold som er verd å nemne er at sjukepengerefusjon tidligare år låg på administrasjon/stab /fellesfunksjonar. Refusjonen er no i 2022 lagt ut på den einskilde eining.

Dei enkelte tenesteområda er nærare kommentert i kap 3 til 7.

2.10 Heimelsoversikt 2022

	Vedtak 2021	Endring i 2021	Status før budsj.prosess 2021	Endring budsjett 2022	Endeleg budsjett 2022
	Antall	Antall	Antall	Antall	Antall
Administrasjon	12,3	0,0	12,3		12,3
Oppvekst og kultur	75,6	-0,9	74,7	0,0	74,7
Helse og omsorg	94,9	0,0	94,9	0,0	94,9
Landbruk, Næring, teknisk	26,4	0,8	27,2	0,0	27,2
TOTALT	209,2	-0,1	209,1	0,0	209,1

2.11 Prioriteringar, rasjonalisering og innsparingar 2022

Det er ikkje lagt opp til omfattande prioriteringar ut over det som er beskrive i kommentarane til investeringsbudsjett.

Det er heller ikkje lagt inn omfattande rasjonaliserings- eller innsparingstiltak knytt til drift i 2022, men som det blir nevnt i slutten av dokumentet (tiltak og prioriteringar) vil det bli satt i verk eit omstillingsprosjekt. Omstillingsprosjektet vil vere ein sentral del av arbeidet med å få drifta av kommunen i økonomisk balanse. Det er ikkje budsjettert med innsparingar i 2022, men det vi lbli arbeid med det for auget at det også i 2022 vil oppnås reduksjonar i kostnader som bidrag i retningen økonomisk balanse ila 2025.

2.12 Tilskot og løyvingar i 2022

Under er det lista opp nokre postar over aktuelle tiltak for 2022 til informasjon for kommunestyret:

	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Reserverte tilleggsløyvingar politisk leing	30 000	30 000	30 000
Kulturmidlar	240 000	200 000	200 000
Kulturtiltak	119 000	105 000	163 000
Aktivitetstilbod barn og unge/Ungdomsklubb	-	70 000	60 000
Tilskot Landbruksverksemd	200 000	200 000	200 000
Tilskot Visit Valdres	175 500	175 500	175 500
Tilskot løyper og hytteforening	300 000	300 000	300 000
Næringstilskot etter søknad	615 000	900 000	500 000
Kommunal andel spelemidlar	200 000	200 000	200 000
Sum	1 879 500	2 180 500	1 828 500

Noko av tidlegare løyvingar til kulturmidlar og kulturtiltak er flytta til nye tenester knytt til ungdomsklubb og aktivitetstilbod til barn og unge.

Det er sett av noko mindre midlar til bruk av næringsfond i 2022 enn i 2021. Auken i 2021 var i hovudsak knytt til korona-pandemien

Kommunane i Valdres delfinansierer Visit Valdres med eit basistilskot som tidlegare år. Regionstyret har meldt frå om at finansieringsmodellen gjeld i 2021 skal vidareførast ut første halvår i 2022.

Elles er det små endringar i budsjettet for tilskot og løyvingar i 2022.

2.13 Interkommunale samarbeid

Tenester	Selskapsform	Deltautar	Eigarandel VSK	Vertskommune/	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Endring %
Valdres-GIS	§ 27	Alle valdreskomm.	12,2%	lang	kr 359 103,00	kr 359 261,00	kr 359 621,00	0%
Innkjøp Valdres og Fostingsordningen br komm § 27	§ 27	Alle valdreskomm.	12,2%	Sør-Aurdal	kr 121 157,00	kr 121 857,00	kr 120 000,00	-2%
Valdres natur- og kulturpark		Alle valdreskomm.	12,2%	Nord-Aurdal	kr 540 000,00	kr 540 000,00	kr 540 000,00	0%
IKA Opplandene (interkommunalt arkivdepot)	§ 27	Kommunar og fylkeskommunar i Oppland og Hedmark		Oppland/fk	kr 83 900,00	kr 87 200,00	kr 89 903,20	3%
PP-teneste	Kap. 20	Alle valdreskomm.	12,2%	Nord-Aurdal	kr 1 099 000,00	kr 1 082 000,00	kr 1 026 000,00	-5%
VLMS Bygg	Kap. 20	Alle valdreskomm.	12,2%	Nord-Aurdal	kr 565 000,00	kr 601 000,00	kr 552 000,00	-8%
Jordmor	Kap. 20	Alle valdreskomm.	12,2%	Nord-Aurdal	kr 275 000,00	kr 263 000,00	kr 243 000,00	-8%
Valdres legevakt	Kap. 20	Alle valdreskomm.	12,2%	Nord-Aurdal	kr 2 240 000,00	kr 2 285 000,00	kr 2 612 000,00	14%
Innemediser	Kap. 20	Alle valdreskomm.	12,2%	Nord-Aurdal	kr 2 086 000,00	kr 1 938 000,00	kr 2 082 000,00	7%
NAV Valdres	Kap. 20	Alle valdreskomm.	12,2%	Nord-Aurdal	kr 1 599 000,00	kr 1 710 000,00	kr 1 735 000,00	1%
Rusmiddelarbeid/FACT	Kap. 20	Alle valdreskomm.	12,2%	Nord-Aurdal	kr 239 000,00	kr 254 000,00	kr 126 000,00	-50%
Kisessenteret i Honefoss	Kap. 20	Alle Valdreskomm + Gren, Hde, Jernaker, Krotsherat, Lumer, Midlum, Ringerike, Sigdal		Ringerike	kr 191 885,00	kr 195 613,00	kr 220 000,00	12%
Felles Banevernemekt	Kap. 20	Alle Valdreskomm. + Ringerike, Hde, Jernaker, Hl, Ai, Gai, Nes, Ra, Helsestid		Ringerike	kr 145 736,00	kr 144 420,00	kr 150 000,00	4%
Alarmentral 110	Kap. 20	46 kommunar i Hedmark og Oppland	65 pr imb.	Hamar	kr 119 000,00	kr 138 125,00	kr 169 600,00	23%
Valdresmuseum AS	AS	Alle valdreskomm.	1,3%	Dritstilskuud	kr 121 125,00	kr 125 000,00	kr 128 875,00	3%
Valdres Energiverk AS	AS	Nord-Aurdal, Østre Slidre og Vestre Slidre	33,3%					
Valdres Arbeidsener AS	AS	Alle valdreskomm.	8,8%					
Innlandet Energi Holding AS	AS	Kommunar og fylkeskommunar i Oppland, Hedmark og Oslo	0,3%					
Valdreslab AS	AS	Alle valdreskomm. + 11 bedrifter og 2 privatesonar	11,0%					
Valdres Næringslag AS	AS	Alle valdreskomm. + SIVA og næringslivet i Valdres	1,3%	Via INK	kr 0,00	kr 0,00		
Valdres kommunale Renovasjon IKS	IKS	Alle valdreskomm.	12,4%	Partnermeruert	selvkost	selvkost	selvkost	
IKT Valdres IKS	IKS	Alle valdreskomm.	16,67%	Partnermeruert	kr 4 709 024,00	kr 5 687 460,00	kr 5 138 604,00	-10%
Kommunerevisjon IKS/Innlandet Revisjon	IKS	Alle valdreskomm. + komm. i Hallingdal	8,33%	Deblater med delt ansvar	kr 450 000,00	kr 678 000,00	kr 678 000,00	0%
Valdres Brann- og redningstjeneste IKS	IKS	Vestre Slidre, Østre Slidre, Vang, Etnedal, Sør-Aurdal	21,0%	Deblater med delt ansvar	kr 4 100 000,00	kr 4 186 000,00	kr 4 308 000,00	3%
Statessenteret i Ines og selsjuelle overgrep (SM) IKS	IKS	Gjøvik, Østre Tøden, Vestre Tøden, Søndre Land, Nordre Land, Sør-Aurdal, Nord-Aurdal, Vestre Slidre, Østre Slidre, Vang, Lumer, Gran, Øyer og Lillehammer	7,14%	Gjøvik	kr 10 675,00	kr 10 675,00	kr 10 675,00	0%

Tabellen viser at kommunen deltek i fleire omfattande interkommunale samarbeid. Kommunedirektør ynskjer å knyte nokre kommentarar til desse tenestene:

NAV Valdres

NAV administrasjon styrkes med 0,5 årsverk som økonomirådgiver med en kostnad på kr 350.000. Tiltaksbudsjettet i de enkelte kommunene er redusert tilsvarende.

PPT

Økonomisk ramme for PPT styrkes med kr. 300.000 for å kunne holde saksbehandlingstid og kvalitet i tjenesten på et akseptabelt nivå.

VLMS

Legevakt ved VLMS styrkes med avdelingsleder i 70% for å kunne koordinere tjenesten slik den nå har utviklet seg. Kostnad kr. 550.000

Kapasitet ved intermedieravdeling ble redusert fra 10 til 8 senger i forbindelse med at Sykehuset Innlandet kjøpte to plasser til psykiatri. Det gir en årlig inntekt på kr. 1,5 mkr. Det gjenåpnes to senger for å opprettholde opprinnelig kapasitet. Kostnad kr. 400.000

Økte kostnader til HDO (Helsetjenestens driftsorganisasjon - nødnett). Dette er økte lisenskostnader/drifstkostnader for alle nødnettradioer i Valdres. Kostnad kr. 700.000

Kostnad på bemanning legevakt og intermedieravdeling er beregnet med 35,5 timers arbeidsuke, men i henhold til reglement gir dette grunnlag for 33,6 timer pr uke for de ansatte. Dette må rettes opp. Kostnad kr 750.000.

IKT Valdres IKS

IKT Valdres har budsjettert med ein lågare refusjonssats for 2022 samanlikna med 2021. Reduksjonen er ca kr 550 000.

Innlandet Revisjon IKS

Det er kontrollutvalet som bestiller desse tenestene, og kommunedirektør legg inn det budsjettalet som kontrollutvalet har gjort vedtak om.

Alarmsentral 110 – Hamar kommune

Sentralen dekkjer 46 kommuner i Innlandet med ca 379000 innbyggjarar. 110-sentralen er mottakssenter og aksjonssenter for naudmeldingar i Innlandet. Brukerbetaling for «Alarmsentral brann Innlandet» aukar frå kroner 75 kr pr. innbyggjar i 2021 til kroner 80,00 i 2022 for å styrke grunnbemanning.

3 POLITISK OG ADMINISTRATIV LEIING

3.1 Politisk leiing

Kommunestyret i Vestre Slidre har 17 medlemmer, og etter valet i 2019 er kommunestyret samansett av 9 representantar frå Senterpartiet, 4 frå Bygdelista, 3 frå Arbeiderpartiet og 1 frå Miljøpartiet Dei Grøne. Formannskapet består i perioden 2019-2023 av 5 medlemmer - 3 frå Senterpartiet, 1 frå Bygdelista og 1 frå Arbeiderpartiet.


3.1.1 Økonomiske hovudtal politisk leiing

tal i heile tusen	Budsjett	Budsjett	Regnskap
	2022	2021	2020
KOMMUNSTYRE/FORMANNSKAP	1833	1842	1804
ANDRE UTVAL	378	541	491
SUM POLITISK LEIING	2211	2383	2295

3.2 Kommuneorganisasjonen

Kommuneorganisasjonen vert i hovudsak vidareført i 2022. 2021 har vore fyrste året med Vestre Slidre sjukeheim som ei eining innan Helse og omsorg, etter verksemdoverdraging gjeldande frå 01.01.21.

I 2022 vil såleis kommuneadministrasjonen vere organisert slik:



4 KOMMUNEDIREKTØR, ØKONOMI OG STAB

4.1 Kommunedirektør, økonomiavdeling og stab

Administrasjon/fellesfunksjonar er samansett av kommunedirektør, stabs- og personalsjef, økonomisjef, stabsmedarbeidarar, regnskapsmedarbeidarar og administrasjon eigedomsskatt. Stabs- og personalsjef og økonomisjef deltek i leiargruppa og er direkte underordna kommunedirektør. Rådgjever juridisk samt kommune- og samfunnsutviklar er og direkte underlagt kommunedirektør.

Økonomi/rekneskap er organisert under økonomisjef.

Stab er leia av stabs- og personalsjef og avdelinga har følgjande ansvarsområde: personal, løn, post og arkiv, digitalisering og systemansvar for kommunens felles digitale verktøy, informasjonsarbeid (heimeside og intranett), politisk møtesekretariat, servicetorg, sentralbord og eigedomsskatt

Stab: Status, mål, tiltak

- Eit robust og brukarvennleg servicetorg
- Tydlegare satsing/prioritering med tanke på digitalisering
 - Digitalisere skjema
 - Oppdatere sosiale medier i samsvar med behov
 - Modernisering av behandlingsmoduler og innsyn for politisk møter
 - Digitalisering av eigedomsarkiv
 - Digital samhandling – innbyggere/kommune og intern saksflyt.

4.2 Økonomiske hovudtal

tal i heile tusen	Budsjett	Budsjett	Regnskap
	2022	2021	2020
KOMMUNEDIREKTØR	1359	1340	1203
KOMMUNALE FELLESFUNKSJONAR	2642	-3667	504
IT-FUNKSJON	5139	5687	-2
ØKONOMI	2690	2622	2387
STAB	5123	4913	4173
REGIONALE TILTAK	6056	5934	5934
SUM ADM/STAB/FELLESFUNKSJONER	23009	16829	14199

På området er det totalt sett vidareført aktivitet på same nivå som 2021. Rekneskapteknisk er det gjort ei endring som får betydelege konsekvensar for tala. Sjukefråværsrefusjon er tatt bort frå kommunale fellesfunksjonar og lagt ut på budsjettet til den einskilde eining. Når refusjonen er teke vekk får det negativ konsekvens for tala knytt til adm/stab/fellesfunksjonar med ein tilsvarande positiv effekt ute på den einskilde eining.

5 OPPVEKST OG KULTUR

OPPVEKST OG KULTUR 2022 – 2025

Føringar:

Kommunedelplan for oppvekst 2018 – 2030

Målet med kommunedelplan er å utvikle eit grunnlag for strategiske val og meir konkrete tiltak i eit 12-års perspektiv. Denne skal sikre forsvarlege tenester for barn, unge og deira føresette innafør eit aldersspenn frå 0-23 år. Planen skal sjåast i samanhang med kommunedelplan for helse og omsorg.

Vestre Slidre kommune skal legge til rette for eit oppvekstmiljø som gir trygge, glade, sjølvstendige barn og unge. Barn og unge skal møte engasjerte vaksne som sikrar samhandling av god kvalitet mellom barn, unge og vaksne i alle aldrar. I tillegg til lokale føringar har sektoren overordna sentrale føringar både på barnehage, grunnskule – og kulturområdet.

Felles mål for sektoren i planperioda 2022 - 2025

- Det skal leggest til rette for at alle barn og unge får lærelyst for livet, og i livet sitt gjennom tidlig innsats og kvalitet i barnehagane og skulen.
- La barn og unge møte eit heilskapleg, koordinert og samanhengande tverrfagleg støtteapparat som ivaretek den einkilde og sikrar rett hjelp til rett tid.
- Legge til rette for eit godt samarbeid og dialog med relevante samarbeidspartnarar, og medverke til interkommunal og regional samhandling på ulike nivå.
- Ha eit heilskapleg perspektiv i all planlegging som rør barn og unge, med vekt på førebyggjande verksemd og tidleg innsats.
- Sikre at tenestetilbodet har høg fagleg kvalitet med profesjonelle og kompetente tilsette som
- søkjer utvikling gjennom refleksjon og endring.

Avdelingar	
Barnehagane	Slidre barnehage Røn naturbarnehage
Grunnskulen	Vestre Slidre skule, inkl. SFO
Leirskule	Brennabu leirskule, ped.avdeling
Kulturskule	Vestre Slidre kulturskule
Kultur – og frivilligheit	Aktivitets – og kulturtilbod for alle Kulturmidlar Kulturminner Folkebibliotek, inkl. skule – og fengselsbibliotek Frivilligsentral inkl. <ul style="list-style-type: none">- Dagsenter for eldre- BUA – utlånsentral- Inkludering, oppfølging av flyktningar

Økonomiske hovudtal

tal i heile tusen	Budsjett	Budsjett	Regnskap
	2022	2021	2020
SEKTORADMINISTRASJON	1156	1046	952
PPØV	-55	67	21
PP-TENESTE VALDRES	1081	1082	962
VESTRE SLIDRE SKULE	27252	28978	29468
BRENNABU	-201	-2	-283
INKLUDERING	551	1009	1309
VAKSENOPPLÆRING	40	40	34
SLIDRE BARNEHAGE	5864	5474	5322
RØN NATURBARNEHAGE	5534	5407	5394
KULTURSKULEN	3140	2895	2795
FRIVILLIGSENTRALEN	469	611	545
KULTUR	1444	1456	999
BIBLIOTEK	733	678	628
SUM OPPVEKST OG KULTUR	47009	48741	48145

5.1 Barnehage

Sentrale føringar

Barnehagelova og Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver.
Forskrift om sikkerhet ved leikeplassutstyr

Barnevernlova § 3-1 andre ledd. Endring fom 01.01.22. Overordna plan det førebyggande tilbudet og fordeling av kommunens ressursar til dette arbeidet. Sikre ein forpliktande og systematisk innsats for heilhetlege tenestar for barn og unge.

Eksterne tilsyn

Det skal i planperioda vere tilsyn med barnehagane jf. interkommunal plan for tilsyn.

Status og utviklingstrekk

Fødselsår	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Antal barn	14	17	12	20	19	13

Oversikta viser at det ganske stabile fødseltal. Det er nødvendig for kommunen å jobbe målretta med å få fleire barnefamiljar til å busetja seg her, og få dei som allereie bur her til å bli i bygda.

Nøkkeltall	Enhet	Vestre Slidre		Kostragruppe 05		Landet uten Oslo	
		2020	+	2020	+	2020	+
Andel barn 1-2 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-2 år (prosent)	prosent	78,8		79,9		85,5	
Andel barn 1-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-5 år (prosent)	prosent	91,7		90,8		92,9	
Andel barn 3-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 3-5 år (prosent)	prosent	100,0		97,3		97,4	
Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage (prosent)	prosent	100,0		88,3		48,9	
Antall barn korrigert per årsverk til grunnbemanning, alle barnehager (antall)	antall	5,1		5,3		5,7	
Andel barnehagelærere i forhold til grunnbemanning (prosent) ¹	prosent	47,3		44,0		42,4	
Andel barn i kommunale barnehager som får spesialpedagogisk hjelp (prosent)	prosent	:		3,6		4,0	
Korrigerte brutto driftsutgifter til barnehager (f201, f211, f221) per korrigerte oppholdstimer i kommunale barnehager (kr)	kr	66,8		78,7		77,3	
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn 1-5 år (prosent)	prosent	58,3		86,0		84,0	
Netto driftsutgifter barnehager i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent)	prosent	7,5		10,2		14,2	
Netto driftsutgifter barnehager, per innbygger 1-5 år (kr)	kr	147 179		168 730		168 389	
Korrigerte brutto driftsutgifter f201 per korrigerte oppholdstimer i kommunale barnehager (kr)	kr	61,6		66,0		61,1	

¹ Årsverk etter utdanning blir hentet inn fra og med 2016. For 2015 er det ikke data.

Alle barn i kommunen i alderen 3-5 år går i barnehage.

Kommunen får ikkje lenger busetjing av flyktningar, dette gjer utslag i at vi har liten andel med minoritetsspråklege barn i barnehage. Det jamnleg 3- 5 barn av arbeidsinnvandraran. Kommunen trur barn av arbeidsinnvandraran i mindre grad nyttar barnehageplass og meiner at det er årsaken til det låge talet på del minoritetsspråklege barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn i barnehagealder.

Kostnader

Kostratalet «Netto driftsutgifter pr innbygger 1-5 år» har variert betydeleg dei siste åra. Kostnader til barnehagelokale var ikkje medrekna før i 2019. Det er kostnader som skal takast med i dette talet. Tal innbyggjarar 1-5 år har auka med 15 frå 2017-2019. Dei totale reelle kostnadane på barnehagesektoren har vore stabile.

Bemanning

Det er gjort gode erfaringar med at ein barnehagelærar vart tilsett i eit engasjement som kontaktlærar i 1. klasse skuleåret 21/22. Det er positivt for overgangen frå barnehage til skule i eit forebyggande perspektiv, at barnehagelærar som er kjent med barna er med over til skulen. Barnehagane og skulen vurderer frå komane barnehage- og skuleår å prioritere ein overgangslærar (pedagog) i 80 % stilling ved å omdisponere pedagogressurs frå barnehage og skule. Det er tenkt at overgangslæraren skal vera delar av året i skulen og delar av året i barnehagane.

Det vart gjennomført medarbeiderundersøking i febr.-21, svarprosent 82. Undersøkinga viste stor grad av trivsel og motivasjon.

Det er ei utfordring er få tak i kvalifiserte tilsette når ein lyser ut stillingar. Kommunane i Valdres konkurrerer om den same kompetansen. Vi må tidvis ha barnehagelærarar tilsett på disp. når faste tilsette har permisjonar.

Kompetanse

Jf. kommunal kompetanseplan for barnehagane er målet at ein frå kvar barnehage skal ta vidareutdanning kvart år, finansiert gjennom tilskot frå Udir. Jf. regional kompetanseplan for barnehagane i Valdres skal heile eller deler av personalet delta jamleg i ulike læringsarenaer, leia av høgskule i Innlandet (HINN), finansiert gjennom tilskot frå Udir. Målet er kollektiv læring og endra pedagogisk praksis i tråd med nasjonale føringar og forskning. Det er og eit krav om at nyutdanna barnehagelærarar skal ha jamnleg rettleiing dei to fyrste åra etter endt utdanning. Det er frå barnehageåret 21/22 utarbeid ein regional plan for dette.

Vidareutdanning og anna kompetanseheving krev at barnehagane kan setja inn vikarar. Det er ei stor utfordring å få tak i faste vikarar ved korttidsfråvær. Det er eit behov å sikre stabiliteten ved å ha ein fast vikar, på lik linje med skulen. Der viser erfaringane at dette har ført til mindre fråvær og eit meir stabilt tilbod til elevane og dei tilsette.

5.2 Grunnskulen

Sentrale føringar:

Opplæringslova, inkl. Rammeplan for SFO

Barnevernlova § 3-1 andre ledd. Endring fom 01.01.22. Overordna plan for det førebyggjande tilbudet og fordeling av kommunens ressursar til dette arbeidet. Sikre ein forpliktande og systematisk innsats for heilhetlege tenestar for barn og unge.

Eksternt tilsyn

Tilsyn frå mattilsynet våren -21. Vedtak om framdriftsplan for utbetring av undervisningsrom for mat & helse.

Status og utviklingstrekk

Nøkkeltall	Enhet	Vestre Slidre	Kostragruppe 05	Landet uten Oslo
		2020 +	2020 +	2020 +
Årstimer til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring (antall)	antall	47,5	45,7	36,2
Årstimer til spesialundervisning per elev med spesialundervisning (antall)	antall	153,7	160,8	143,1
Elevener i kommunale og private grunnskoler som får særskilt norskopplæring (prosent) ¹	prosent	3,4	5,2	4,7
Elevener i kommunale og private grunnskoler som får spesialundervisning (prosent)	prosent	4,6	9,7	7,8
Elevener på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn (prosent)	prosent	74,2	71,5	72,4
Elevener på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i regning 8.trinn (prosent)	prosent	54,8	69,6	68,1
Gruppestørrelse 2 (antall)	antall	14,5	13,1	15,7
Gjennomsnittlig grunnskolepoeng (antall)	antall	44,0	42,6	42,9
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), i prosent av samlede netto driftsutgifter (prosent)	prosent	21,3	20,8	22,4
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år (kr)	kr	143 991,8	144 838,5	117 307,2

¹ Fra og med 2010, er driftsansvar privat inkludert i indikatoren.

Spesialundervisning

Skuleåret 14/15 hadde 25 % av elevane på ungdomssteget vedtak om spesialundervisning, og skulen hadde hatt høg andel spesialundervisning over tid. Kommunen vart plukka ut til å delta i Valdresprosjektet 16/18 der hensikta var å etablere ein samarbeidsmodell som skulle bidra til at elevar får eit best mogleg utbytte av opplæringa. Prosjektet skulle gje svar på om behovet for spesialundervisning vart endra dersom ein styrka lærarane si moglegheit til og forutsetningar for å drive bedre tilpassa opplæring. Skulen har sidan skuleåret 16/17 jobba systematisk med at alle elevar skal ha eit betre utbytte av opplæringa og i 2020 har 6 % av elevane på ungdomssteget spesialundervisning (4,6% av alle elevane på skulen).

Kommunen har og ansvar for å dekke kostnader til spesialundervisning til elevar, busett i kommunen, men som er elevar ved privat skule.

Nasjonale prøver og gjennomsnittlig grunnskolepoeng

Vi har fleire elevar på høgt meistringsnivå i lesing enn i rekning. I lesing viser nasjonale prøver eit godt resultat samanlikna med kostragruppa og landet, i rekning viser resultatet i 2020 at vi ligg under kostragruppa og landet. Skulen har vore med i realfagssatsing og då hatt særleg fokus på rekning. Vi ser at det er positiv utvikling samanlikna med året før, og veit at det vil ta tid å sjå resultat av satsinga. Det vart skuleåret 20/21 prioritert å kjøpe inn nye læremiddel, både bøker og digitale ressursar, i matematikk. Det er viktig at vi har og kan prioritere god lærardekning i matematikktimane, og at vi held fram med fokuset på at alle lærarar er reknelærarar.

Gruppestørrelse

Ved skulen har vi i gjennomsnitt 14,4 elevar pr lærar. Samanlikna med kostragruppe 5 har vi 1,4 elevar meir, men med landet 1,2 færre elevar pr lærar.

Elevtal

Oversikta nedanfor viser at vi vil få ein jamn nedgang i elevtal i åra framover (Tal på kor mange elevar som vil starte i 1. klasse dei ulike åra er ut frå kor mange som er fødd i Vestre Slidre kommune. Det er ikkje tatt omsyn til frå-/tilflytting.):

Skuleåret	2021/2022	2022/2023	2023/2024	2024/2025	2025/2026	2026/2027	2027/2028
Antal elevar som går ut av 10. klasse våren før	34	26	31	26	28	24	16
Antal elevar som starter i 1. klasse	19	14	17	12	20	19	13
Antal elevar ved skulen	218	206	192	178	170	165	162

Det er verdt å merke seg at elevtalet ved skulen er synkende dei neste 5 åra. Det går ut fleire elevar frå 10. klasse enn det som startar i 1. klasse. Om 6 år ser det ut til at talet flatar noko ut og at vi får klasser på alle trinn med mellom 12-20 elevar. Slik vil det vera eit noko mindre ressursbehov, men nødvendig for kommunen å jobbe målretta med å få fleire barnefamiliar til å busetja seg her.

Utviklingsplan

Skulen har utarbeidd ein utviklingsplan over 4. år. Nærare informasjon om denne kjem i tilstandsrapportering i samband med årsmelding for 2021. Det som er viktig frå utviklingsplanen knytt til økonomiplan er punktet om at Vestre Slidre skule skal ha formålstenelege og framtidretta læremiddel.

Innføring av ny læreplanar fom skuleåret 20/21.

Arbeidet med å planlegge elevane si læring skal vera basert på det gjeldande læreplanverk. Alle læreplanar for fag i grunnskulen var nye frå aug-20. Overordna del av læreplanverket er og ny. Skulen

skal planlegge, gjennomføre, tilpasse og vurdere opplæringa med sikte på at elevane oppnår den kompetansen læreplanane skildrar. Skuleeigar skal stille nødvendige ressursar til disposisjon, og sørge for rammebetingelsar som gjer skulen moglegheit til å sette seg inn i og ta læreplanverket i bruk på ein god måte. Det er kjøpt inn nye læreverk i matematikk, samfunnsfag og engelsk i -21. I -22 ynskjer vi å prioritere nye læreverk i norsk, naturfag og krle. Det er kjøpt inn 5 interaktive skjermar i -21, og vi ynskjer å kunne kjøpe 3 skjermar i -22 til klassene på mellomsteget.

Bemanning:

Det er tilsettings- og kompetansekrav knytt til lærarstillingar i grunnskulen. Erfaringane over år viser at Vestre Slidre skule i stor grad har klart å tilsetja kvalifiserte lærarar i dei fleste fag. Utfordringane ligg i behovet for vikarar med rett formell utdanning ved sjukdom gjennom skuleåret. Vi har frå skuleåret 21/22 tilsett fast vikar ved skulen. Vikarstilling er brukt til å vere vikar for tilsette som er sjukmeldte, i tillegg til å dekke opp for kortvarig fråvær. Stabiliteten ved å ha fast vikar ved skulen har ført til mindre fråvær og eit meir stabilt tilbod til elevane og dei tilsette.

	August 2020	August 2021	September 2020	September 2021
Innleigd vikar	143,7 timar	0,59 timar	401,66 timar	205,22 timar

Som tabellen viser dekka vikarstillinga i praksis alt vikarbehov i august, medan i september var vikarbehovet halvvert. Det å ha vikarar som er kjend med elevane og kjend ved skulen har stor betydning for tilbodet til elevane, og gjer arbeidet med å få inn kvalifiserte vikarar langt enklare enn tidlegare.

Skulen har god erfaring med at ein barnehagelærer vart tilsett i eit engasjement som kontaktlærer i 1. klasse skuleåret 21/22. Det er positivt for overgangen frå barnehage til skule i eit forebyggjande perspektiv, at barnehagelærer som er kjent med barna er med over til skulen. Barnehage og skulen vurderer frå komande barnehage- og skuleår å prioritere ein overgangslærer (pedagog) i 80 % stilling ved å omdisponere pedagogressurs frå barnehage og skule. Det er då tenkt at overgangslæraren skal vera delar av året i skulen og delar av året i barnehagane.

Kompetanseutvikling

For Vestre Slidre skule vil det vere behov for at fleire lærarar tek vidareutdanning i åra som kjem. Plan for kompetanseutvikling må justerast årleg ettersom lærarar sluttar og nyttilsette tilfører ny kompetanse. Kommunale-/fylkesvise fagnettverk og vidareutdanning for lærarar gjer auka behov for bruk av vikarar. For å motta statlege midlar til kompetanseheving er det krav om at skuleeigar skal bidra med finansiering som tilsvaerar 30 prosent av dei statlege midlane.

Rehabilitering av kunst&handverk og mat&helse

Fleire av undervisningsromma på ungdomssteget er dei siste året pussa opp. Det er framleis rom, inventar og utstyr som treng ei oppgradering både på ungdomssteget og i resten av skulen. Innan utgangen av -21 vil sløydsalen bli pussa opp med nytt golv, nye sløydbenkar og nye skåp. I -22 er det behov for å rehabilitere tekstilavdelinga og mat&helse. Det er behov for klassesett med gitarar til musikkundervisning.

Hjertesone

På skuleplassen er det behov for gangveg frå bussplass til søppelskur. Slik det er pr i dag går/syklar elevar som kjem frå gangveg ovanfrå i vegbanen der bussane køyrer. Det bør jobbast med å lage ei «hjertesone» rundt skulen for å gjere det sikrare for elevane å gå eller sykle, og i samband med det bestille skilt for droppsone og hjertesone. Det er mogleg å søke om trafikksikkerheitsmidlar til tiltak knytt til Hjertesone

5.3 Brennabu leirskule – pedagogisk avdeling

Sentrale føringar

Frå 01.01.20 har kommunane ei lovfesta plikt til å tilby sine elevar leirskuleopphald eller anna skuletur som ein del av elevanes grunnskuleopplæring. Det vanlege har vore at elevane har opphald med fire overnattingar. Lova opnar no for tre-døgns opphald. Om lag 20% av elevane vel no tre-døgns opphald.

Status og utviklingstrekk

Brennabu er Norges største leirskule, og ein av få med heilårs drift. Det er stor etterspurnad etter leirskuleopphald på Brennabu. Vestre Slidre kommune har ikkje utgifter på drifta av leirskulen, sidan denne vert finansiert ved innbetaling frå leirskuledeltakarane.

Mange store kommunar utlyser anbodskonkurransar på leirskuleopphald. Brennabu vinn fleire på kvalitet, utstyr, bemanning og sikkerheit, men tapar nokre på pris. Prisen reduserast difor frå 1160.- til 1110.- for fire-døgns og til 975.- for tre-døgns opphald.

Brennabu har dei siste åra hatt overskot på grunn av refusjonar for sjukmeldte og meirinntekt. Dei nye prisane reduserte inntekta med om lag kr. 180 000.-. Dette vil likevel ikkje medføre underskot på drift.

Årstal	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Elevar	3088	3264	4073	4374	4051	4448	4202	4450	4500	4600	4700
Heimlar	5,5	5,5	5,5	5,5	5,9	6,7	6,7	7,0	7,0	7,0	7,0

Tilstrekkeleg bemanning er vesentleg for å tilfredstille krava til sikkerheit og eit konkurransedyktig pedagogisk tilbod. Det er mellom anna eit aukande krav om tilrettelagt undervisning for enkeltelevar.

Det er naudsynt å heile tida vidareutvikle tilbodet for å vinne framtidige anbud. Pedagogisk avdeling planlegg stadig nye aktivitetar for å kunne vere ein endå meir attraktiv leirskule. I siste læreplanar og anbodskonkurransar vert undervisning innan tema som miljø og klima etterspurt..

5.4 Kulturskulen

Sentrale føringar

Vestre Slidre kulturskole styrer etter «Rammeplan for kulturskolen – mangfold og fordypning» utarbeid nasjonalt og vedteke i Vestre Slidre kommunestyre.

[i](#)

Moderne kulturskular søker å vere eit ressurscenter innan kultur for heile kommunen og jobbar tversektorielt med å tilby gode tenestar til innbyggjarane. Innlandet kulturskoleråd har i sin handlingsplan for 2022 og 2023 digital didaktikk som satsingsområde.

Status og utviklingstrekk

Kulturskulen har sitt virke for alle aldersgrupper. Største brukargruppa er born og unge. Her viser statistiske framskrivingar ein nedgang i aldersgruppa på om lag 10 % dei neste 5 åra.

Kulturskuletilbodet i Vestre Slidre fannar mange og har eit fordjupningsprogram som let talent utvikle seg. Om lag 80% av aktiviteten er tradisjonell kulturskuleundervisning: instrumentopplæring, song, dans, teater, kunst og handverk. Resten er i barnehage, skule, kor, korps, helse, kultur og fengsel. Kultur-SFO er nytt i 2021; 45 minutt der 1. og 2. klasse deles i tre grupper som rullerer

gjennom året. Det er 100% deltaking i målgruppa. Gruppetilbodet er styrka. Mellom anna har statsing på klassekorps ført auka rekruttering til skulekorpset.

Det er no nokre år sidan kulturskulen hadde «teknisk kulturarbeid» og «film» som fag. Det er viktig for kulturlivet i bygda at det finst kompetanse innan desse område. Difor ynskjer vi å få i gang at desse faga. Skapande teknologi er og eit tema vi ser blir viktigare for oss som samfunn, og vi startar dette som fag, i samarbeid med Vang kulturskule og Skaperkraft Valdres. Dette vil kunne løysast innanfor noverande ressursane.

Kulturskulen kjøper tenester frå andre kommunar og sel endå meir ut til kommunar og fylkeskommunen. Lærarkrefter vert og seld til reduserte prisar til Skulekorpset, Vestre Slidre sanglag, Valdresstrykerne og Røn musikklag. Talet på tradisjonelle elevar har dei siste åra lege på rett under 50% av born/unge i skulepliktig alder. I tillegg har vi 10-15% elevar i andre aldersgrupper. Ved å endre praksis med reduserte prisar til VS sanglag og Røn musikklag vil kulturskulen kunne ha ei innsparing på ca. kr. 70 000 pr. år.

I 2018 vart det etablert ei ordning der hushald med låge inntekter kan søkje om betalingsfritak eller redusert betaling. Elevkontingenten er relativt låg sett opp mot andre kommunar i landet, men er stor nok til at det kan gjere tydeleg utslag på ein familieøkonomi. Den relativt låge kostnaden og samarbeid med grunnskulen er truleg avgjerande for den høge deltakinga.

Tilsette i kulturskulen og grunnskulen brukar mykje tid på å rigge opp og ned scena til ulike arrangement. Det er ynskjeleg og mogleg med ei heiseanordning for lysriggen. Det vil senke terskelen for å sette opp scene da det blir mykje mindre arbeid og som kan gjerast utan spesialkompetanse.

Mangelen på lagerplass i Kulturhuset byrjar å bli prekær, oppholdsareal for elvar blir no brukt til scenelager. Det er derfor eit ynskje å få meir lagerplass i kulturhuset.

5.5 Frivilligsentralen

Sentrale føringar

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-10-20182019/id2621384/sec1>

Høring - forskrift for tilskudd til frivilligsentraler - regjeringen.no

Meld. St. 10 (2018–2019) Frivilligheita – sterk, sjølvstendig, mangfaldig — Den statlege frivilligheitspolitikken

Handlingsplan for Frivilligsentralen 20-21.

Nettverksavtale med BUA ordninger

Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringsloven)

Status og utviklingstrekk

Frivillige og lag/foreningar har gjort ein viktig innsats for mange - i mange år. Frivilligsentralen vil vera ein god samarbeidspartner og vil mobilisere til meir lokal frivillig innsats gjennom frivillige eldsjeler, lag/foreningar og aktivitet i nye møteplassar. Sentralen skal utvikle seg til å ha gode tiltak og aktivitetar for innbyggjarar i alle aldrar og etnisitet.

Frivilligheitas år i 2022

Er forankra i Frivilligheitsmeldinga nasjonalt. Året skal seta fokus på frivilligheita som ein hjørnestein i den norske samfunnsmodellen og vise fram aktiviteten som skjer på frivillig basis i lokalsamfunn over heile landet. Kommunen skal inkludere fleire i frivilligheita gjennom å feire frivillig innsats, lage gode møteplassar som og kan bli til ein arnestad for meir frivilligheit.

Tiltaka som er i gang skal kvalitetssikrast og vidareutviklast, samt inkludere fleire frivillige.

Kulturkafeen (Grendekafeen) skal utviklast til ein god møteplass med gode arrangement, for yngre eldre, folk som er midt i livet, småbarnsforeldre, unge vaksne, ungdom og barn.

BUA

Friluftsliv er ein viktig del og prioritert satsingsområde i Vestre Slidre. For å hjelpe innbyggjarar i alle aldrar og etnisitet til å bruke naturen, har vi etablert BUA, med friluftstutstyr ein kan låne gratis. Alt utstyret blir samla i nytt BUA -lokale i underetg. i Slidretun. Det krevs meir marknadsføring for å sikre eit endå større utlån enn i dag. Bruke <https://www.bua.io/> som system for utlån og marknadsføring, som har ein årleg kostnad

Dagsenteret for eldre

På grunn av bygging av nytt Helsetun vert dagsenter for eldre flytt til Sanitetssalen i sjukeheimen. Om dette kjem til å fungere like bra som i Plassen, står att å sjå. Eit kjært tilbod for menn i snekkerboda blir borte, tilkomst med bil heilt til døra vert vanskelegare og nok parkeringsplassar kan bli ei utfordring.

Inkludering

Kommunen har ikkje fått oppmoding om busetjing av nye flyktningar frå IMDI. Dei som bur i kommunen har budd i 5 år og kjem dermed utanfor åra med tilskot i 2022. Dermed vert tilskotet til å busetja og kvalifisere flyktningar inn til kommunen strekt redusert i ressurs til inkluderingsrettleiar er dermed teke vekk, men flyktningar får framleis oppfølging av leiar for Kultur- og frivilligheit og språkassistent.

Pr 1.10.21 var totalt 50 flyktningar framleis busett i Vestre Slidre. Siste året har ein familie med 4 barn flytt ut av kommunen. Vi ventar framleis på ein person på familiegjenforening. Denne har rett til introduksjonsprogram, ei teneste som vert kjøpt frå ein annan kommune.

Kommunen har ein elev med fleirkulturell bakgrunn på Valdres vidaregåande skule. To vaksne er lærling på hhv Barne- og ungdomsarbeider og Helsefagarbeider. Vi har og to vaksne elevar på grunnskuleopplæring i 22/23, som vert kjøpt av Nord Aurdal kommune. Pr. i dag har vi i samarbeid med Frivilligsentralen om leksehjelp til ca 10 elevar i grunnskule, 1 elev ved vidaregåande skule og 2 elevar grunnskule for vaksne. Dette for å sikre at elevane skal fullføre og bestå utdanninga, og dermed ha størst mogleg grunnlag for å kunne skaffe seg ei utdanning eller løna arbeid. Vi treng framleis ressurs til ein to-språkleg assistent om vi skal oppretthalde dette tilbodet.

Kommunen legg og til rette for at alle born med fleirkulturell bakgrunn skal vera med på organiserte aktivitetar, inkl. kulturskule.

5.6 Kultur

Føringar:

Kommunedelplan oppvekst 2018 – 2030, Kulturminneplan for Vestre Slidre kommune, Handlingsdel kulturminneplan 2021-2024.

Status og utviklingstrekk

2021 har vore prega av lite kulturell aktivitet grunna Koronapandemien. Fleire planlagde aktivitetar og tilbod vart utsett fram til og med ettersomaren. Det vert arbeidd for at fleire folk kan møtast gjennom større aktivitet i kulturhuset og etablering av nye fysiske møteplassar. «Aktiv laurdag» med mellom anna ope svømmebasseng, og ny kulturkafe krev auka ressursar til oppvarming av basseng, reinhald og vaktmeistertjenester.

Arbeid for barn og unge:

Har vokse sterkt dei seinare åra. Utan aktiv søking på prosjektmidlar til barne – og ungdomstiltak ville vi ikkje kunne ha kunne gjennomført så mange gode tiltak for barn og unge. Dei får gjennom dette nye

og viktige opplevingar og meistringskjensele. Eit eksempel er *aktivitetsveke* for barn og unge for heile grunnskulen, *Ut på tur for 4. og 5. klasse* og *ungdomscamp* på Brennabu.

Ungdomsklubben er open ein kveld i veka. Her er målet å kunne utvide dette tilbodet, og ha eit spesielt fokus på gutane.

Kulturmidlar:

Kvart år vert det delt ut kr. 200 000 til lag og foreiningar. Dersom vi skal auke det kommunale tilbodet til ungdom, som eks. fleire opne klubbkveldar, må det vurderast om ein skal redusere utdeling av kulturmidlar for å omdisponere dette til auka drift av ungdomsklubben.

4. dagsfest for unge vaksne

Som eit ledd i satsinga på tilflytting og attendeflytting har kulturkontoret ansvaret for å arrangere fest for unge vaksne mellom 20 og 30 år. Det er sett ned ei gruppe unge vaksne som «komité». Dette vil forhåpentleg engasjere og føre til moglege «heimflyttarar». Arrangementet bør ikkje ha for høg eigenbetaling og sikre at dei unge kjem seg trygt heim med buss.

Den kulturelle skulesekken og spasertokken

DKS vert organisert på fylkes - og kommunenivå og skal sikre at alle barn og unge i grunnskulen får kulturopplevingar. DKSS vert arrangert for at eldre skal få profesjonell kunst og kulturformidling. Kommunen får statleg tilskot til desse arrangementa.

Kulturhuset:

Lag og foreiningar får bruke Kulturhuset gratis. Dette i tillegg til årleg utdeling av kulturmidlar til Idrettsrådet gjer at kommunen står godt opp om aktivitet gjennom frivillig arbeid. Avtalane er til revisjon. Kapasiteten er sprengt då det er mange som ynskjer tid i huset. Det er prekær mangel på lagerplass, for både idrett, grunnskulen og kulturskulen. Toalettanlegga i 1. etg treng rehabilitering. Desse toaletta skal nyttast for besøkjande i den nye Kulturkafeen/møteplassen. Kulturkafeen treng og eit trivelegare uteområde.

Plassen Aktivitetssenter

Er eit bygg knytt til kulturretaten, men brukt av fleire etatar som dagsenter for dei som treng det. Det vert og brukt som møtelokale for frivillige lag og foreiningar. Ved stenging av Plassen aktivitetssenter under bygginga av helseturn, er det fleire som blir huslause og det må tenkast alternativt for alle.

Biblioteket:

Kommunen har ansvar for folke- og skulebibliotek og fengselsbiblioteket på Slidreøya. Ressursen til skule – og folkebiblioteket gjer at det er kort opningstid pr. veke. Det må difor vere større fokus på marknadsføring av «Kortope» skule –og folkebibliotek, og samordning av ressurs mellom bibliotek og servicetorg. Det er behov for kontor i biblioteklokalet, i tillegg til ny skranke for mottaking og utlån.

Kulturminne

Kulturminna treng skjøtsel og vedlikehald om ein ynskjer kulturminne som marknadsføring av kommunen. Dette krev ressursar. Det er gjort ein god innsats både med skjøtsel av turstigar og på Gardbergfeltet med innleigde geiter, og ungdom med sumarjobb. Kommunen skal i - 22 setja opp nye stativ og skilt i Gardbergfeltet, i samarbeid med Innlandet fylke. Det er og ein plan om å bygge ein Gapahuk i tilknytning til Gardbergfeltet. Det er gjort avtale med Slidreøya om at dei tek ansvar for skjøtsel av Mo kyrkjeruin.

6 HELSE OG OMSORG

Føringar: kommunedelplan 2018-2030

Målet med kommunedelplan er å utvikle eit grunnlag for strategiske val og meir konkrete tiltak i eit 12- årsperspektiv. Planen inneheld førebyggjande, nyskapande og langsiktig tiltak. Vestre Slidre kommune skal m.a. fremje folkehelse og gje eit helse- og omsorgstilbod som gjev alle eit sjølvstendig og verdig liv.

Felles mål for sektoren i planperioda 2022 – 2025:

- Oppretthalde ei oversikt over befolkninga si helse og faktorar som påverkar dette.
- Sette fokus på fleire tiltak for å møte morgondagen sine utfordringar.
- Stille krav og legge til rette for befolkninga si helse med den enkelte sitt ansvar for eigenomsorg og det offentlege sitt ansvar for helseopplysning og ulike velferdstilbod.
- Leggje til rette for at innbyggerane skal få bu lengst mogleg i eigen heim ved å spele på dei moglegheitene og ressursar brukaren, familien og nærmiljøet rundt har.
- Leggje til rette for godt samarbeid og dialog mellom dei ulike nivåa for helsetenester, og medverke til interkommunal og offentleg-privat samhandling.
- Bidra til å sikre innbyggjarar gode helsetenester lokalt og regionalt.

Avdelingar	Tenester
Pleie- og omsorgsavdelinga	Heimetenesta
	Omsorgsbustadar utan og med heildøgnsbemanning
	Praktisk bistand (heimehjelp)
	Sjukeheim
Miljøtenesta	Døgnomsorg for utviklingshemma
	Skogsgruppa
	Miljøarbeid og avlastning
Helseavdelinga	Legeteneste
	Fengselshelseteneste
	Helsestasjon- og skulehelseteneste
	Psykisk helseteneste
	Frisklivssentral
	Fysioterapi (privat og kommunal)
	Valdres lokalmedisinsk senter
Barnevern	Barnevern Vang og Vestre Slidre
	Barnevernsvakt (kveld/helg/natt)
Øvre Valdres psykologteneste	Kommunepsykolog i Vang, Øystre Slidre og Vestre Slidre

6.1 Økonomiske hovudtal

tal i heile tusen	Budsjett	Budsjett	Regnskap
	2022	2021	2020
SEKTORADMINISTRASJON	1016	1085	958
HELSETENESTER	15926	14981	15454
SOSIALE TENESTER	220	220	202
NAV VESTRE SLIDRE	6035	6138	6046
ØVRE VALDRES PSYKOLOGITENESTE (ØVP)	0	-3	0
BARNEVERN	6236	6818	6678
BARNEVERN VANG - V SLIDRE	0	0	-27
PLEIE- OG OMSORGSTENESTER	31622	32770	36581
MILJØARBEIDERTENESTA	11590	13795	12447
SUM HELSE OG OMSORG	72644	75804	78338

Status: Helse og omsorg utgjorde om lag 33% av utgiftene til Vestre Slidre kommune i 2020. Sektoren består av om lag 95,5 årsverk fordelt på 6 tenesteområder.

Tenenestane i helse og omsorg yt tenestar til alle typer brukere i henhold til bestemmelsane i helse- og omsorgstjenesteloven. Brukerane kan grovt sett delas inn i fire grupper:


- Menneske med utviklingshemming mv.
- Menneske med psykiske og/eller rusrelaterte lidelser
- Eldre og somatisk funksjonshemma (ALS, MS, trafikkskadde m.m.)
- Forebygging og rettleiing og oppfølging av helse- og omsorgsrelaterte oppgaver til innbyggerane gjennom heile livsløpet

Utvikling:

12:58 ons. 6. okt.

regjeringen.no

75 %



Figur: Behov for årsverk innan helse og omsorg i Vestre Slidre 2019-2040 (Kjelde: SSB)

0 år	17	17	17	18	17
1-5 år	94	91	93	94	96
6-15 år	238	206	208	209	210
16-19 år	103	111	87	88	85
20-67 år	1246	1223	1170	1130	1095
67-79 år	314	354	370	387	384
80 år eller eldre	131	154	213	239	281
Totalt	2143	2156	2158	2165	2168

Tabellen: viser forventa antall innbyggjarar pr 2020 og pr 5år fram til 2040 (kjelde: SSB)

Det er ein svak, men jamn befolkningsnedgang i kommunen. Det blir færre yrkesaktive per eldre. Dette har både betydning for verdiskapingen, for den framtidige finansieringa av pensjon og velferdstilbod, og for dimensjonering og utforming av framtidens omsorgstenastar. Det er imidlertid forventa at innbyggjarane mellom 67 og 80 år vil være meir ressurssterke, ha betre økonomi, betre buforhald, høgare utdanning og betre helse enn tidlegare generasjonar, og ynskje om å ta et større ansvar for eiga helse (Ældre/Sagen 2001, Barstad 2006).

Med sikte på dei demografiske utfordringane som ventar oss for fullt om 10-15 år, må vi dreia og organisera tenestene slik at dei støttar opp under og utløyser alle dei ressursane som ligg hos brukarane sjølve, familiene deira og sosiale nettverk, i nærmiljøet og lokalsamfunnet, ideelle organisasjonar og i næringslivet. Dette er i tråd med budskapet i Meld. St. 29 (2012-13) Morgendagens omsorg og Meld. St. 26 (2014-15).

13:05 ons. 6. okt.

regjeringen.no

74 %



Figur: antall tenestemottakarar pr 2019 og prognose fram til 2040 (kjelde: SSB)

Målet for tjenestane er at innbyggerane skal oppleve at de får nødvendige helse- og omsorgstenestar når behovet oppstår. Den enkelte bruker skal få bistand til meistring av eigen livssituasjon og få mulighet å bli boande heime så lenge som rå.

Tildelingskontoret er forvaltingsorganet helse og omsorg og har ansvar for å rettleie og fatte vedtak om tenester i kommunen, og er koordinator mot Intermediæravdelinga på VLMS. Dei syt for at dei som har krav på tenestar får det. Tildelingskontoret har hatt ei auke i antal saker frå år til år.

Tildelingskontoret forventar ei auke i saker for 2021-2022. Sakene er meir komplekse enn før, behovet for helsehjelp er ofte stort med bistand frå mange tenester samtidig. Dei krev grundig utgreiing og innhenting av informasjon frå fleire samarbeidspartar. Søkjarane er ofte personar som har behov for tverrfaglege tenester og vi ser ei auke i søknader frå ei ung pasientgruppe, samt frå personar med rus/psykiatri og demens.

	2019	2020
Saker i året	257	271
Saker evaluert i året	76	120
Totalt saker pr år	333	391
Gjennomsnittlig saksbeh.tid	34	20

Tabellen viser mengda saksbehandling tildelingskontoret utførte i 2019-2020, det forventast at antal behandla saker passerar 400 i 2021.

6.1 Pleie og omsorg

Sentrale føringar:

Lov om kommunale helse og omsorgstenester, Lov om pasient og brukar rettigheter og Lov om helsepersonell. Stortingsmelding 47, 19, 26 og 15.

Status og utviklingstrekk:

Pleie og omsorg inneheld tenester til heimebunde og institusjonstenester. Dei utgjør den største delen av helse og omsorgssektoren med 52 årsverk.

Pleie og omsorg yt gode tenestar til brukarar/ pasientane der dei bur. Tenestane opplev ein auka etterspurnad på tenestar i heimen, noko som er i samsvar med reformar og forventa samfunnsutvekling. Kommunen har omlag 2740 hytter, og det har vore ei auke i etterspurnad på tenesteyting til deltidsinbyggjarar.

Den kommunale helse og omsorgstenesta står over for kompetanse og personellmessige utfordringar som vil ha betydning for både kapasitet og tenestetilbod. Kommunen må fortsette sin satsing på velferdsteknologi, hverdagsrehabilitering og aktivitetstilbod for at innbyggerane skal kunne bo lengst mogleg i eigen bustad.

Dei næraste ti åra vil om lag 10 årsverk nå aldersgrensa for pensjon. Rekrutteringsbehova blir ytterlegare auka med bakgrunn i dette. Samstundes er Vestre Slidre som andre kommuner ufordra på tilgangen på kompetanse. Det er utfordrande å rekruttere, og utviklinga tilseie at det vil bli verre. Dette gjeld i hovudsak vernepleiar og sjukepleiar, men på sikt og tilgang på fagarbeidarar.

Sjukeheimen er no kommunal, og nytt helsetun skal stå ferdig medio 2023. investeringa krev menneskelege og økonomiske ressursar i byggefasa. Når bygget står ferdig er målet eit funksjonelt og driftseffektivt og godt bygg for brukarar, pårørande og tilsette.

Vestre Slidre sjukeheim

Sjukeheimen er det nest høgste nivået i omsorgstrappa i kommunen. Sjukeheimen har 20 plassar for kortids- og langtidsopphald. Vestre Slidre kommune overtok drifta av sjukeheimen 01.01.21.

Liggedøgnprosent i 2020 var 91,3 %, utnyttingsgrad er høg og det krev tett og god fagleg oppfølging og tett samarbeid mellom tenestane for å sikre drifta.

Direkte pasientretta årsverk på sjukeheimen er 21,75 årsverk, i tillegg kjem reinhald og vaskeritenestar. Det har fram til no vore god dekning av kvalifisert helsepersonell, dette har no snudd.

Det vil vera behov for rekruttering av fleire sjukepleiarar og helsefagarbeidarar i nær framtid. Tenesta skal inn i eit KS prosjekt for å sjå på nye løysingar for bemanningsplanlegging. Bygging av helsetun er i gang, helsetunet skal stå ferdig medio 2023. Helsetunet skal bestå av 20 institusjonsplassar og 4 nye omsorgsbustadar med heildøgnsbemanning som skal knyttast saman med Bergtun. Detaljprosjekteringsfasa vil krevje ressursar til prosjektleiing for god måloppnåing. Det vil når helsetunet kjem i drift og krevje avsett ressurs til velferdsteknologi, drift, utvikling og opplæring.

6.2 Bergtun

Består av 8 bustadar med heildøgnsbemanning for personar med demenssjukdomar. I 2021 endra kommunen Bergtun pasientgruppa til å favne personar med kognitiv svikt og alderspsykiatri. Endringa vart innført for å imøtekomme fleire brukargrupper i kommunen. Målet er at bebuarane i eit tilpassa bumiljø skal oppleve størst mogleg meistring av eige liv.

I Bergtun er alle tilsette fagutdanna, eller er under utdanning. Utfordringa i Bergtun er mange små stillingar. Det er ynskjeleg å auke nokon av desse ved å kunne få inn ekstra personale på dagane då dei har dagpasientar.

Bergtun tilbyr dagtibod og dagavlasning til heimebuande. Dette er ei lovpålagt tilbod som er godt nytta og viktig for å utsette bruk av institusjonsplassar.

Den eine av leiligheitene nyttast som avlastningsleiligheit og til kartlegging, for personar med kognitiv svikt og alderspsykiatri. Leiligheita tildelast for omlag 14 dager kvar gong.

6.3 Heimetenesta

Kommunen opplever ein jamn etterspurnad frå alle brukergrupper. Mange av brukarane har komplekse utfordringar med helse. Auka pågang på institusjonsplassane gjev større press på heimetenestane, og krev betre samhandling mellom tenestane. Dette set krav til nytenking for å dekke behovet.

Alle fast tilsette i heimetjenesten er fagutdanna. Det samme er vikarane. Tenesta har lite tilgang på vikarar, som gjer det sårbar i forhold til oppdekking av vakter. Fast personale er flinke til å påta seg ekstravakter, men dette kan utløyse overtid og sjukmeldingar på sikt, ved stor arbeidsbyrde.

I tillegg ser vi ein auke av deltidsinnbyggjarar (hyttebrukarar) som søker om tenester. Jamfør Helse og omsorgstenestelova har alle rett på helsetenester der dei oppheld seg, så lenge tenesta kan bli gjeve forsvarleg. Nokon av desse tenestamottakarane er komplekse og krev spesialopplæring.

Det er eit nasjonalt fokus, og i samsvar med reforma «Leva heile livet» at flest mogleg skal bu lengst mogleg heime. Dette fører til ein større etterspurnad på tenester i heimen. For å imøtekoma dette samstundes som det er knappheit på kompetanse, må teknologi nyttast. Det krevs då at tenesta har kompetanse på velferdsteknologi, og at kommuna anskaffar produkt som kan nyttast i tenesta. I tillegg krev det at innbyggerane nyttar og anskaffer den den teknologien som er tilgjengeleg privat for å utsette tenestebehov lengst mogleg. Tenesta har og det helsefaglege oppfølginga i Vestoppland fengsel avdeling Valdres med 0,6 årsverk.

6.4 Miljøarbeidartenesta

Sentrale føringar:

Lov om kommunale helse og omsorgstenestar, Lov om pasient og brukerrettigheter og Lov om helsepersonell. Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinering.

Status og utviklingstrekk:

Miljøarbeidartenesta i Vestre Slidre består av 25,5 årsverk og har fleire brukarar med omfattande behov. Brukarane har ulik grad av utviklingshemming og det er stor skilnad i funksjonsnivå. Tenesta er lokalisert i Utsyn, som er bygningen nedenfor sjukeheimen. Tenesta følgjer også opp rusmisbrukarar og personar med psykiske lidelsar som har behov for miljøbehandling og burettleiing.

Dette krev at miljøtenesta samhandlar med mange av dei andre kommunale tenestemåråda for at tenestene skal verke heilskapande og koordinerte.

Tenesta held god kvalitet og opplev ein jamn pågang av søknadar. Vedtaka er lovpålagde enkeltvedtak. Miljøtenesta har over nokre år hatt ein aukande teneste opp mot ressurskrevjande psykiatri. Det er lagt opp til at kommunane må ivareta sjukare pasientar i denne pasientgruppa som ikkje lenger kvalifisera til inntak hos spesialisthelsetenesta. Tenesta jobbar ambulerande med eit team fagpersonar som yter utvida tenester til desse pasientane, i tillegg til at dei ivaretek nokre av dei sjukaste i døgnbemanna bustad. Behovet for døgnplasser er aukande og det er ei krevjande teneste å få ressursmessig med plass, bemanning og økonomi. Tenestane til brukarar med psykisk utviklingshemming har vore stabil og ser ikkje at det blir større endringar i behovet hos dei i næraste framtid.

Avdelinga gjorde ein større omlegging med oppstart i 2021 for ein betre utnytting av fagressursane, samt endringar for at tenesta skulla oppfylle lovkrav om kompetanse hos tenestemottakarar med vedtak etter kapittel 9 i helse –og omsorgstenesteloven.

Tenesta driftar dagsenteret som er eit viktig lågterskeltilbod for psykisk helse. Det er også starta opp att eit dagtilbod /aktivitetssenter for brukarar som treng følgje av tenesteytarar. I tillegg har tenesta eit jobbtilbod i skogsgruppa for brukarar med heildøgnsbemanning. Årsverket i dette tilbodet er innberegna i tilskuddsordningen, samt at dei sel ved og driv hogst på bestilling.

Dekninga med faglærte tenesteytarar er nær 90%. Dette er resultat av målretta satsing for å få nok fagfolk til å utøve lovpålagte og forsvarlige tenestar. Det er utfordrande å rekruttere vernepleiarar. På landsbasis manglar mange tusen verepleiarar. Det er viktig å gjere tiltak for å behalde dei vi har. Det er vanskeleg å erstatte gode fagfolk.

Tenestene er utmålt etter enkeltvedtak som viser til den enkelte tenestemottakar sitt behov. Nokre av vedtaka er særressurskrevjande, noko som gjer at dei utløyser refusjon for direkte lønsutgifter over eit gitt innslagspunkt. Summen av refusjonen kan variere noko avhengig av kva som blir satt som innslagspunkt og kva % som blir refundert av det overskytande beløpet. Den varierar også opp mot kva slags utgifter som er brukt i året som er gått. Dette er og fråtrekk av rammetilskotet.

Rammetilskotet som følgjer antall psykisk utviklingshemma (PU) i kommunen er eit eige tilskot. I 2021 var tilskotet ca kr 670 000 pr tenestemottakar med PU under 67år.

6.5 Helseavdelinga

Sentrale føringar:

Lov om kommunale helse og omsorgstenester, Lov om pasient og brukerrettigheter, og Lov om helsepersonell. Lov om psykisk helsevern. Forskrift om kommunens helsefremmende og førebyggjande arbeid i helsestasjons- og skulehelseteneste, Forskrift om fastlegeordninga i kommunane.

Status og utviklingstrekk:

Helseavdelinga består av om lag 10 årsverk fordelt på legesenteret, psykisk helse og rus, helsestasjon. Helseavdelinga leverer ei breidde av gode lovpålagte teneste til alle aldersgrupper. Med pandemi i 2020- 2021 har fokuset rundt sårbare grupper auka. Det er fokus på å førebygge fysiske og psykisk uhelse i alle aldersgrupper, men særskilte hos utsette grupper unge og gamle. Tenestane har gjort driftstilpassingar for å imøtekomme smittevernet og samtidig kunne gje tenestar. Dette har utfordra kapasiteten, med fleire oppgåver og auka smittvern. Desse tilpassingane held fram i 2022 og kan krevje varige endringar.

Slidre legesenter

Legesenteret er eit kontor med tre fastlegeheimlar. Ein lege er komunalt tilsett. To gonger i året tek legesenteret i mot ein lege i spesialisering (tidligere kalla turnuslege). Det er 3 årsverk helsearbeidarar ved kontoret. Kommuneoverlege har ei sentral rolle i det lokale smittevernarbeidet i kommunen, og har så lenge pandemien pågår ein større andel (20%) av stillinga si tilknytt dette arbeidet.

Helsestasjons- og skulehelsetenesta

Helsestasjon er eit lovpålagt tilbod som yter helsefremjande og førebyggjande tenester til gravide, born og unge og foreldra deira etter nasjonale retningslinjer. Heksesytasjon bestrå av 1,6 årsverk fordelt på to helsesjukepleiarar.

Helsestasjonen har vore samlokalisert med psykisk helse og kommunepsykolog, dette gav eit større tverrfagleg miljø og er positivt for arbeidsmiljøet. På grunn av covid-19 har arelet vore nytta til luftvegsklinikk, dette har gjeve dårligare tilhøve for helsestasjonenes tilsette og brukarar.

I Vestre-Slidre kommune har legre tettheit av årsverk i helsestasjon og skulehelseteneste enn lands gjennomsnittet (37,6 årsverk pr. 10 000 i Vestre Slidre, 46,3 pr 10 000 lands gjennomsnitt).

Helsestasjonen møter familiar i tidleg faste, og er sentralt lågterkeltilbod i møte med familiar som har behov for tett oppfølging for å sikre at ungane får best mogleg oppvekstvilkår. Om lag 0,8 årsverk nyttast på skulen, resterande nyttast til oppfølging 0-6 år, samt veileding og kursing av foreldre og tilsette i skule/ barnehage i grupper og enkeltvis.

Psykisk helseteneste

Rus- og psykisk helseteneste består av 2,6 årsverk + 40% vikariat, foreløpig ut 2021. Tenesta skal gje bistand til menneske i krise eller vanskelege livssituasjonar, menneske med milde og moderate psykiske problem/lidelsar og menneske med rus-relaterte problemstillingar.

Rus- og psykisk helseteneste kan tilby Individuelle samtaler, Gruppebehandling/kurs, nettverksmøter/pårørandemøter, tverrfagleg samarbeid, samarbeidsmøter/koordinator for individuell plan, forebyggjande og opplysnande tenester, samt retteliing til alle aldersgrupper, pårørande og samarbeidande tenester i kommunen.

Pasientgruppen vår per d.d. viser at hoveddelen av våre pasienter fell innanfor aldersgruppa 25-60 år. I tråd med samfunnsutviklingen i Vestre Slidre, vil det i fremtiden være færre born og fleire eldre.

Tenesta har i 2021 hatt stor pågang av saker, og ai kalr uake frå 2020. Det er gjort tiltak som å avslutte tiltak, omfordeling av saker til heimetenesta og miljøtenesta for å få ned anal saker. Tenesta er tross tiltak fortatt under sterkt press, ventetid på samtale er lang. Dette har ein stor belastning på arbeidsmiljøet.

Tenesta syt og for at Vestoppland fengsel avdeling Valdres får oppfølging frå psykisk helse. Det nyttas pr no 0,2 årsverk til dette arbeidet.

Fysioterapi:

Tilbudet består av ein privatpraktiserande psykomotirisk fysioterapeut, to privatpraktiserande med driftstilskot og ein kommunalt tilsett. Dei privatpraktiserande fysioterapeutane driv førebyggjande og kurativt arbeid på institutt. Den kommunalt tilsette fysioterapeuten i 0,9 årsverk arbeider mellom anna med ambulant rehabiliterings- og meistringsteneste, kvardagsrehabilitering, fysioterapi til pasientar på sjukeheimen, både korttids- og langtidspasientar, samarbeider med helsestasjonen om kontrollprogram og oppfølging av ungar med motoriske utfordringar, ansvar for fysioterapi til innsette på Slidreøya fengsel, samt har ansvar for tilboda i Frisklivssentralen. Frisklivssentralen gjev tilbud til personar og grupper i befolkninga som har behov for å endre livsstil. Alle tenestene, med unntak av Frisklivssentralen, er lovpålagte tenester. Kommunen er imidlertid pålagt å ha eit lærings- og meistringstilbod, og Frisklivssentralen møter dette kravet.

Ergoterapi

Ergoterapitenesta består av eit årsverk ergoterapeut. Ein ergoterapeut bidreg til løysingar når det oppstår eit gap mellom ein persons forutsetningar og dei krav samfunnet stiller. Den kommunale ergoterapeuten bidreg med tilretteleggingar i bustad etter skade eller sjukdom, samt førebyggjande tiltak. For barn bidreg ergoterapeuten med trening og tilrettelegging for lek, aktivitet og læring. Ergoterapeuten har også ansvar for det kommunale hjelpemiddellageret og systemiseringa av dette. I tråd med at fleire bor heime lenger med helseutfordringar, er det ei stor auke i hjelpemidler. Dette gjev auka arbeidsmengde i tenesten. I tillegg er denne personen/funksjonen kommunens syns- og hørselskontakt. Ergoterapeuten er også ein viktig del av kvardagsrehabilitering- og velferdsteknologiteamet.

6.6 Øvre Valdres psykologteneste

Psykologtenesta skal vere eit lågterskel behandlings- og oppfølgingstilbod knytt til helsetenesta i Vang kommune, Vestre Slidre kommune og Øystre Slidre kommune.

Tilbudet skal vera retta spesielt mot ungdom i alderen 13-25 år med rus og psykiske helseproblem og deira familiar. Born og unge i lågare alder som har vore utsett for vold og overgrep/traumar og/eller med behov for oppfølging for betre gjennomføring av skule og opplæring er også hovudprioritet. Tenesta skal styrke kompetanse og tilgjengeligheit i tilbudet til menneske med psykisk helse- og rusproblem.

Psykologtenesta skal vere tilgjengeleg for rettleiing/fagstøtte til personell/tenester i kommunane. Hovudprioritet er at Barn og unge i lågare alder som har vore utsett for vold og overgrep/traumar og/eller med behov for oppfølging får det.

Tenesta er og tilgjengeleg for rettleiing/fagstøtte til personell/tenester. Kommunepsykolog er faste dagar i kvar kommune. Kommunepsykolog samarbeider i planarbeid vedrørande barn og unge på førespurnad fra samarbeidspartane. Kommunepsykolog er fast deltakar i samarbeidsmøter mellom Psykisk helsetjeneste og Helsestasjon i de tre kommunane. Der planlegg og samarbeider kommunepsykolog og tenestane om førebyggjande arbeid, f.eks. foreldrekurs og veiledning til barnehager og skuler.

6.7 Barnevern

Sentrale føringar:

Lov om barneverntjenester, barnevernreform/oppvekstreformen.

Status og utviklingstrekk:

Tenesta har pr i dag 5,3 årsverk fagstillingar, inklusive barnevernsleiar, samt 0,4 fast stilling merkantil. I tillegg har barneverntenesta dei siste åra hatt ei fosterking på 0,4 stilling for å dekke opp for sjukefråvær og unngå bruk av konsulenttenestar. Stillingane er pr. no fordelt på 8 personar. Barneverntenesta er ei lita teneste, dette kan vera både ei utfordring og ein styrke. Tenesta har god og allsidig kompetanse, eit arbeidsmiljø som gir rom for utvikling og trivsel. Målbiletet vårt er at dei som vi jobbar med opplever å få god hjelp til rett tid. Vi er heilskapleg i vår tilnærming, både ved at vi jobbar som generalistar og har eit støttande miljø, der alle bidreg. Vi jobbar stadig med ressursfokus, samtidig som vi jobbar med endringar og utvikling. Det å jobbe som generalist vil seia at saksbehandlarane følgjer ein sak frå a til å – frå melding, undersøking og vidare med tiltak. Slik vil familiane vi følgjer opp ikkje oppleve hyppige bytte av saksbehandlar, saksbehandlar og familiar blir også godt kjent, og ein får muligheit til å bygge ein trygg relasjon som igjen gir godt grunnlag for å jobbe med endringstiltak.

Tenesta har erfart sårbarheit spesielt på leiarsida. Tenesta har derfor i 2021 styrka administrasjonen/leinga i tenesta ved å gjera om 0,5 saksbehandlarstilling til fagansvarleg. Denne styrkinga har på ei anna side skapt ei større sårbarheit kva gjeld saksbehandlarressursar. Noko som vil skape ei enda større utfordring i 2022 når oppvekstreformen trår i kraft med auka krav og nye oppgåver for barneverntenesta.

Tenesta hadde i 2020 eit svært høgt sjukefråvær, 22,4%, og måtte derfor leige inn ekstern konsulent for ei periode på 6 mnd. Denne konsulenten gjennomførte 3 undersøkingar for tenesta. Det høge sjukefråværet kan ha ein samanheng med at tenesta er lita. Ved fråvær blir arbeidsmengda til den sjukmelde fordelt utover på dei andre saksbehandlarane som da får ei auka arbeidsmengde/arbeidspress. Blir dette fråværet langvarig, slik det vart i 2020, vil det innebera ein slitasje på dei andre og igjen ein type «dominoeffekt» der ein etter ein går ut i sjukmelding. Ei styrking på bemanning/fagstillingar vil redusere denne sårbarheita med å vera små.

Rekruttering av fagpersonell er ein utfordring for tenesta. Eksempelvis var det sumaren 2021 utlyst to stillingar, barnevernleiar og engasjement fagstilling. Det var da kun ein aktuell søkar på fagstillingen, ingen søkarar på barnevernleiarstillinga. Sjølv om barneverntenesta for Vang og Vestre Slidre har hatt lav turnover dei siste åra, landsgjennomsnittet er ca 18 mnd i barnevern, er det svært viktig å ha fokus på å behalde dei ansatte og den fagkompetansen vi har i tenesta pr i dag. Rekruttering er ein så stor utfordring på landsbasis.

I samband med Barnevernreformen frå 2022 vil kommunen få fleire oppgåver:

- Fullt økonomisk ansvar for ordinære fosterheim, og auka kommunale eigenandelar for bruk av spesialiserte hjelpetiltak, spesialiserte fosterheim, institusjon og akuttiltak
- Bufetats (statlig) betalingsansvar for ordinære fosterhjem (refusjonsordningen) opphevast
- Kommunen får et heilheitlig ansvar for oppfølging og rettleiing av fosterheimar
- Barn får krav på helsekartlegging ved plassering i fosterheim eller institusjon
- Lovfestet kommunal plikt til alltid å søke etter fosterhjem i barnets familie og nære nettverk.

Endringar i lov om barneverntjenester frå 2023:

- Ettervern utvidas til fylte 25 år (frå no 23 år)
- Krav om kompetanse for barneverntenestas ansatte – blir mest sannsynleg eit krav om mastergrad i enkelte stillingar eller videreutdanning tilsvarande 30 stp. Dette blir eit krav frå 2031
- Det vert eit skjerpa krav til barneverntenestas vurderingar og journalføring av desse

- Rettleing til dei ansatte

Det er ei klar forutsetjing å endre arbeidsmåte og auke kompetansa for å vera rusta til nye utfordringar som kjem i reformen og ny barnevernlov. Tenesta har pr i dag få plasseringar. Det leggst ned eit betydelig og omfattande arbeid med tiltak i dei sakane det er høg bekymring. Tenesta har tru på at rett tiltak til rett tid, nok hjelp og vera tett på kan forhindre utilsikta plasseringar. Det er viktig i denne samanheng å poengtere at dette er både ressurskrevjande og stiller krav til brei kompetanse i tenesta. Det er føringar i reformen for at kommunane skal kunne ta meir utredningar og tiltaksarbeid sjølv, samt legge ned ein betydelig innsats i det førebyggjande arbeidet. Oppvekstreformen vil derfor påverke fleire av kommunas tenester, ikkje berre barnevern.

Ved at ettervern utvidast til fylte 25 år, vil barneverntenesta ha klientane lenger i sitt system. Gjennom dei siste åra ser ein i barneverntenesta at antal ungdom med ettervern er aukande, pr 2020 hadde tenesta 14 klientar med ettervern.

Kjøp av tenester: Forsvarlegheitsprinsippet i barnevernlova seier at alle kommunar skal ha ordningar med akuttberedskap heile døgnet. Denne tenesten sikrast via kjøp av Interkommunal barnevernsvakt for Ringerike .

VLMS (Valdres lokalmedisinske senter)

Tilbodet i intermediæravdelinga som består av 8 senger, og to kommunale akutte døgnplasser som vert disponert av legevakta på kveld og natt for psykisk helse og somatikk. I tillegg disponerer Sjukehuset Innlandet 2 senger til psykiatri, dette er eit samarbeid mellom kommunane og DPS. Tilbakemeldingane på tilbodet har vore veldig gode, både frå pasientar og pårørande. Dette er eit lokalmedisinsk senter med høgare kompetanse og omsorgsnivå enn sjukeheimen. Budsjettet for akutte døgnplasser er innarbeidd i Intermediæravdelinga sitt budsjett.

I tillegg er det fleire tenester på VLMS;

- Jordmor (interkommunal teneste for Valdres)
- Legevakt (interkommunal teneste for Valdres)
- Tannhelseteneste (OFK)
- Samt poliklinikk (SI) med kreftbehandling, dialyse og røntgen
- Valdres legevakt: 60% stilling for styrking av sjukepleier bemanning på helg legevakt. For å redusere tiden sjukepleiar er alene på legevakten på helg og høytid fra 13 til 4 timer.
- Intermediæravdelingen: Styrke lækjarressursen med 0,5 årsverk. SI dekker 50% av denne auka.

Interkommunale tenester (NAV)

NAV Valdres er organisert med Nord Aurdal kommune som vertskommune. Andel sosialhjelpsmottakarar i alder 20-66 år av innbyggjarar i same alderskategori er høgare enn landsgjennomsnittet, noko som medfører relativt høge kommunale utgifter til sosialhjelp. Det har vore ein jamm nedgang i kostnaden dei siste åra. Ein håpar denne tendensen vil halde fram og at gode individuelle løysingar blir laga for desse personane/familiane.

FACT:

Frå mars 2020 vart arbeidet knytt til «rusteamet» organisert på ein ny måte. Med dreingsmidlar har kommunane saman med Sykehuset Innlandet og Nav vorte einige om å opprette FACT- team som ein annan modell for arbeidet. FACT står for Flexible Assertive Community Treatment eller fleksibel aktiv oppsøkande behandling. Dette er i fyrste omgang tenkt som eit fireårig prosjekt i Valdres. Målgruppa er personar med psykisk lidning og alvorlig svikt i sosial fungering. Tilstanden er ikkje av forbigåande art, men gjennomgåande og langvarig. Det er og nødvendig med samordna hjelp og oppfølging frå fagfolk for å gjennomføre ei behandlingsplan. Tenesta er i gang, alle kommunane har pasientar med oppfølging av teamet. Det jobbast med å nytte kapasiteten betre og gjere tenesta betre kjent.

7 LANDBRUK, NÆRING OG TEKNISK

I dette kapitlet er det ei samla omtale av felles forhold for tenestene i etaten i høve til utfordringar, mål, status, utviklingstrekk, kvalitet og ressursbruk.

Avdelingar og tenester:

Avdelingar	Tenester
Forvaltning	Jordbruk, skog , miljø Plan Oppmåling Byggesak Næring
Drift/teknisk	Eigedom Reinhold Vaktmester/vedlikehald Veg Vatn og avløp (Sjølvkost) Brann, feiing (interkommunalt) Avfall (interkommunalt) Slamtømming (interkommunalt)

Økonomiske hovudtal

tal i heile tusen	Budsjett	Budsjett	Regnskap
	2022	2021	2020
SEKTORADMINISTRASJON	1221	1218	1164
JORDBRUK	1356	1316	1058
SKOGBRUK/NATURFORVALTNING	544	597	710
ANNA NÆRINGSUTVIKLING	261	261	127
KOMMUNALTEKNISKE TENESTER	2685	2814	2060
KOMMUNALE BYGG	8230	6407	6890
VATN OG AVLØP	0	-5790	-3659
SUM LANDBRUK, TEKNISK OG NÆRING	14297	6824	8350

Det er små endringar i netto kostnader til kommunaltekniske tenester og kommunale bygg frå 2021 til 2022. Det er ei betydeleg endring på 1,5 mill auke i straum til kommunale bygg. Auke kjem som følgje av prisauke på straum.

Ei vesentleg endring i tabellen ovanfor er føring av vatn og avløp. Som prinsipp er området sjølvkost og skal med dette ikkje påverke driftsbudsjett til kommunen si ordinære drift. Den inntekta som tidlegare er ført på området er difor nulla ut.

7.1 Forvaltning

Avdelinga omfattar desse tenestene.
Jordbruk, skog , miljø

Plan
Oppmåling
Byggesak
Næring

Sentrale føringer:

Ingen nye lovkrav.
Ingen eksterne tilsyn.

Status Forvaltning

Jordbruk

Innan jordbruksforvaltninga har drifta hovudfokus på forvaltning av dei ulike tilskotsordningane. I tillegg har kommunen fått fullt saksbehandlingsansvar på dei fleste tilskuddsordningar i landbruket. Kommunen har og fått ansvaret for forvaltning av UKL midlane (Stølsvidda). Det blir stadig større krav til saksbehandling, kontroll og rapportering i samband med tilskotsforvaltning, slik at dette tek større og større del av tida. I tillegg kjem jordlovs- og konsesjonssaker, erstatningsordningar (eks. avlingsskade, nedforing pga. radioaktivitet), forvaltning av sjukdomsavløysingsordninga, saker om miljø/forureining frå jordbruket mv.. Landbruksfondet er viktig for mange tiltak, og er foreslått vidareført. Arbeid med ajourføring av AR5 pågår kontinuerleg og desse oppdateringane av kartet er viktige ettersom det er grunnlag for søknadane om produksjonstilskot.

Skogbruk

Det er framleis høg aktivitet på hogst. Faste oppgåver må følgjast opp. Her er hovuddelen av arbeidet å administrere skogfondordninga, og tilskotsforvaltning. Etter krav frå landbruksdirektoratet er arbeidet med å følgje opp foryngelsesplikta etter hogst intensivert. Kommunen er pålagt ein del kontrollarbeid i samband med dette og i samband med dei tiltaka som får tilskot.

Miljø

Innafor miljøforvaltning er det saksbehandling på viltforvaltning og motorferdsel som tek mest tid. Det blir foreslått å legge fellingsavgifta til maksimumssatsane frå miljødirektoratet.

Fellesprosjektet Vannområde Valdres er vidareført, ein er no over på gjennomføringsfasen. Det er lagt inn midlar til vassprøvetaking og til ei viss vidareføring.

Tilskot til løypekjøring og arbeid med hytteeigarforeninga.

Med bakgrunn i eigedomskatten er det funne rom for å vidareføre tilskotet til løypekjøring, og tilskotet til hytteeigarforeninga på same nivå som tidlegare.

Plan

Kommunen har vedteke ny planstrategi for 2020-23. Samfunnsdelen til kommuneplanen vart vedteken i 2017. Arealdelen er under arbeid og nærmar seg ferdigstilling. Ein tek sikte på godkjenning av ny arealdel i løpet av 2022. Reguleringsplanar for bustadområde i Røn og leiligheiter i Slidre er under arbeid. Reguleringsplan for Vaset sentrum er starta opp. Elles foregår det kontinuerleg planendingar i hytteområda for å betre kvaliteten av planar i takt med behov og ynskjer som oppstår. Det er også ei viktig oppgåve å halde planregisteret ajour slik at publikum og forvaltning kan stole på at ein finn riktige og rettskraftige planar i valdreskart.

Vi reknar med at det blir auke i pågang av reguleringsplanar når arealdelen blir vedteken.

Det som vil bli prioritert i 2022 er arbeid med:

- Kommuneplan – arealdelen ferdigstilling
- Nye og attraktive bustadtomter – arealplaner for dette
- Reguleringsplan for Vaset sentrum
- Klima og miljøplan

Oppmåling

Hovudmålet for tenesta er å syte for at oppmålingsforretningane vert fullført i rett tid (i målesesongen er det 16 vekers frist på å fullføre desse). Stort sal av tomter fører her til stort arbeidspress. Avdelinga kan stå ansvarlege for plassering av bygg, dette er ein teneste som vert nytta av mange bygningsfirma som set opp hytter i kommunen. Når det gjeld kartdata i kommunen vert desse oppdatert jamleg etter ”Geodataplanen for Oppland og Hedemark”.

Det er stadig behov for nye namn og skilt på nye vegar.

Byggsak

Aktivitetsnivået på byggesak har vore høgt dei siste åra. Dette har ført til stort press på byggesak pga stort tomtosal. Kostratala viser også at kommunen har betydeleg lengre sakshandsamingstid enn gjennomsnittet. 61 dagar for saker med 12 vekers frist mot 36 i kostragruppe 5 og 31 for heile landet. Det er hausten 2021 tilsett 1 person ekstra for å prøve å få ned sakshandsamingstid og kome ajour. Vi har hatt stor utskifting av tilsette innfor byggesak dei siste åra og håpar dette kan vere med på å betre dette. Dei fleste byggesakene gjeld nye fritidsbustader, men det er også ein god del tilbygg/oppgradering av eldre hytter rundt om i kommunen. Det har også vore mange utslippssøknader som inngår i byggesak.

Målsetting for byggesak er å redusere sakshandsamingtida slik at dei vert behandla innfor tidsfristane. Samt at ein fører bygg i matrikkelen innfor fristen på 5 dagar.

Næring

Vestre Slidre kommune samarbeider med Valdres næringshage om veiledning og oppfølging for dei som ynskjer det.

Rekruttering

Det har over tid vist seg at kommunane har problem med å rekruttere innfor fleire av fagfelt, særleg byggesak, oppmåling og plan. Det er difor sær viktig å behalde det personalet ein har.

Avdelinga har lågt sjukefråvær.

7.2 Drift / teknisk

Eigedomsavdelinga

Avdelinga har ansvar for drift og vedlikehald av alle kommunale bygg samt kyrkjene og sjukeheimen (21.233m²), reinhald, vaktmeisterteneste samt vedlikehald av alt uteareal. Det siste inneber bl.a. grasklypping, vegetasjonsrydding og vedlikehald av kyrkjegardar, grasbanen i Slidre, området rundt sjukeheimen/ omsorgsbustadane, skula, barnehagar, administrasjonsbygg osv.

I tillegg nyttar vi vaktmester vedlikeholdsarbeider i eiendom til arbeid med hjelpemidler (helse)

Eigedomsavdelinga består av:

- 1 leder
- 5 vaktmestere og vedlikehaldsarbeidere
- 7 reinhaldare fordelt på 5,8 årsverk.

Hovudmål:

- Beste tjenesteleverandøren for kommunen med tanke på pris, effektivitet både innan reinhald, vaktmeistrar og vedlikehaldsoppgåver.

Eksterne tilsyn:

- Mattilsynet var invitert til tilsyn på skolekjøkkenet av skoleledelsen. Skolekjøkkenet er slitt, må legges inn i investeringsplan for renovering.

Demografi:

- På grunn av aukande tal eldre i kommunen og fleire heimeværande med hjelpemiddelbehov er det viktig å ha tilgang på tilstrekkeleg personellressurs på dette hjelpemiddelområdet.

Status:

- Eiendomsavdelinga har fått take mykje og nødvendig vedlikehald på mange bygg og anlegg dei siste åra. Vedlikehaldsarbeidet er naudsynt å halde oppe da eiendomsmengden blir eldre..
- Vi har mykje forflytting mellom arbeidsoppgåver. Årsak er henvendingar på hasteoppgaver som må prioriteres før anna planlagt arbeid.
- Redusert bemanning over tid har no ført til at ein ikkje lengre kan ta tyngre vedlikehald og prosjekt i eigen regi. Dette bidreg til ein negativ trend med tanke på å oppretthalde god kompetanse.
- Det utarbeidast vedlikehaldsplanar for kommunale bygg kontinuerlig. Her ønsker vi å anskaffe FaMac arbeidsordre verktøy som er digitalt som igjen snakker med Compilo som er vårt overordnede avvikshåndteringsverktøy.

Medarbeidere:

- Sjukefråværsoppfølging og førebygging må ha fokus. Deler av verksemda har høgt sjukefråvær.
- Vi ønsker å sende folk på meir kompetanseutviklende arrangementer og/eller kurs.
- Vaktmesterne er pålagt å ha kurs på instruert personell for elektro.

VA-avdelinga

Vatn og avløpsavdelinga har ansvar for planlegging, drift av anlegg, saneringsplaner, nyetableringer for abonnentar på kommunalt vatn og avløpsanlegg. Anlegget består pr i dag av 13,5 mil med ledningsnett, 1.755 kummer, 48 pumpestasjoner, høydebasseng og renseanlegg som må kontinuerlig vedlikeholdes.

Dette omfattar også utbyggingsavtaler/oppfølging av private utbyggerar som bygger ledningsnett som kommunen overtek.

I tillegg er forureining og saksbehandling innafør avfall lagt til avdelinga.

VA- avdelinga består av:

- 1. leder
- 3. driftsoperatører (en av driftsoperatørene har 20% stilling i veg)
- 1. prosjektleder Eiendom - VA

Eksterne tilsyn:

- Etter revisjon med Statsforvalteren våren 2021, har vi fått avvik på overhaldelse av reinsekrav og kapasitet på Vaset renseanlegg. Samt manglende hovudplan på avløp. Vi vil jobbe med retting av avviket fortløpende nå i slutten av 2021 og fortsetter i 2022

Status:

- VA i Ålfjell har vore tema over lengre tid. Dette blir ferdig i løpet av høsten 2021, dette vil medføre meir jobb/oppfølging på driftsoperatørane.
- Vaset vassverk skal utvidast for å auke kapasiteten. Dette vil vi dele opp i utvidelse av brønn-/uttakskapasiteten på Langøddin og overføringsledning til vassverket samt eit eige prosjekt med utvidinga av sjølve vassverket.

- Vaset renseanlegg blir overbelasta i høysesong (jul, nyttår og påske). Vi vil sjå på moglegheit for å bygge på eksisterande renseanlegg etter avviket frå Statsforvaltaren.
- Hovedplan for VA må reviderast. Kloakking av areal med forskjellige private løysingar må vurderast tilknyttet felles kommunalt renseanlegg.
- Eksisterande drikkevannsbasseng og renseanlegg i bygda vår, bygd på 70 og 80 tallet må rehabiliterast..
- Reinseanlegga kan bli overbelasta på våren under snøsmeltinga ved inntregning av fremmedvatn. Det vert difor viktig å finne innlekkinga i kloakkledningssystemet og tette lekkasjene fortløpande.
- VA avdelinga har eit stort ansvar i forhold til å levere nok, trygt og rent drikkevatt. Det er naudsynt med regelmessig beredskapsøvingar for å oppretthalde god beredskap.
- Behov for kapasitetsøkning på ledningsnettlet fra Brakastølen for å sikre nok slukkevatn ved brann.

Medarbeidere:

- Det er lavt sjukefråvær blant driftsoperatørene.
- Driftsoperatørene er pålagt å ha kurs på instruert personell for elektro.

Aktuelle tiltak:

- Nye hovudplanar for både vatn og avløp må startes opp i 2022.
- Vaset renseanlegg må utvides. I fyrste omgang er det tenkt at dette løysast med utjevningstankar.

Veg

Mannskapsressursene på veg hentes frå eigendom og VA-avdelinga. Leder av teknisk drift har ansvar for veg. Kommunen har 2,8 mil med kommunalt vegnett til årlig vedlikehold. Både sommar som vintervedlikehold.

Vegavdelinga består av:

- 1. leder i ca 40 % planlegging, kundebehandling, oppfølging på oppgaver. (Samme person som er leder av Teknisk drift.)
- 1. mann i ca 40% vedlikehalds.
- 1. mann i 20 % frå renseanlegg

Status:

Kommunale vegar.

- Ein del eldre asfalterte vegar treng rehabilitering av dekke.
- Utføre drift- og vedlikehald i tråd med eigen drifts- og vedlikehaldsstandard for Vestre Slidre kommune.
- Vegetasjonsrydding langs kommunale veger er et aukande behov.
- Gatelys har et stadig større renoveringsbehov. Skifting av stolper i samband med overgang til LED belysning.

Kvalitetsanalyse:

- Frisikts- og vegetasjonsrydding langs veg krever mere ressurser og er sær viktig for skolebarn og andre myke trafikanter.
- Mer ressurser til veglappning, ettersyn på vegene både sommar som vinter.
- Kontroll og utøvelse av vedlikehold på stikkrenner, rensk av vegsluk.

Medarbeidere:

- Vi ønsker å sende folk på meir kompetanseutviklende arrangementer som gjennomføres blant annet på asfaltinstituttet ATI i Oslo og/eller andre type kurs rettet mot sikkerhet og veg.

Brann – Feiing:

- Nytt Valdres Brannvesen IKS vart starta opp 01.01.2018. Kommunen tek seg av gebyrinnkreving og informasjon/oppfølging.
- Det er no også krav om at alle hytter/stølar skal ha feiing og tilsyn.

8 Tiltak og prioriteringar

Det har gjennom budsjettprosessen i administrasjonen, herunder involvering av alle avdelingar, kome ei rad gode forslag om tiltak og prioriteringar i 2022 og i planperioda. Mange av tiltaka vil det finnast rom for innanfor den ramma som er foreslått for driftsbudsjettet. Nokre tiltak er prioritert inn i forslaget til investeringsbudsjett. Ein del av tiltaka som er foreslått er vedlikeholdsoppgaver som naturleg fell innunder eit vedlikeholdsbudsjett på teknisk drift.

Kommunedirektøren vil setje i gang eit omstillingsprosjekt som omfattar ein gjennomgang av heile organisasjonen mtp på bemanning, arbeidsmåtar, forenkling av arbeidsprosessar gjennom å nytte digitale løysingar mv. Her vil alle dei forslag som er kome på stillingsauker blir handsama.

Omstillingsprosjektet vil vere eit av hoveditaka knytt til arbeidet med å få driftsbudsjettet i økonomisk balanse ila 2025. Arbeidet med omstillingsprosjektet vil bli sett i gang så snart som mulig på nyåret 2022. Omstillingsprosjektet involverer alle avdelingar, tillitsvalde og vernetenesta.

9 VEDLEGG

9.1 Budsjettskjema drift og investering

Eige vedlegg

9.2 Gebyrregulativ for 2022

Eige vedlegg